



DET KONGELEGE
UTANRIKSDEPARTEMENT

St.meld. nr. 38

(2004–2005)

Noregs deltaking i Europarådet
i 2003 og 2004

Innhold

1	Utfordringar for Europarådet	5	4.3	Den reviderte europeiske sosialpakta	16
			4.4	Europarådets menneskeretts-	
2	Den norske formannskapet			kommissær	17
	(mai–november 2004)	7	4.5	Vern av nasjonale minoritetar	17
2.1	Innleiing	7	4.6	Venziakommisjonen	18
2.2	Styrking av det europeiske		4.7	Den europeiske torturkomiteen	
	menneskerettssystemet	7		(CPT)	18
2.3	Styrking av samarbeidet mellom		4.8	Nord/sør-senteret	19
	europeiske organisasjonar	8			
2.4	Vidareutvikling av Europarådet si			Vedlegg	
	rolle i konfliktførebygging	8	1	Det mellomstatlege arbeidet	20
2.5	Politisk deltaking under formann-		2	Tale av statsminister Bondevik til	
	skapet	8		Parlamentarikerforsamlinga	
				i Europarådet 23. juni 2004	32
3	Det politiske samarbeidet	10	3	Høgnivåseminar om reform av det	
3.1	Europarådet. Medlemsland og			europeiske menneskerettssystemet,	
	institusjonar	10		Oslo 18. oktober 2004	35
3.2	Møta i ministerkomiteen	10	4	Konferansen Styrking av lokalstyre	
3.3	Utviklinga i medlemslanda	11		og demokratisk deltaking i ei verd i	
3.4	Arbeidet mot internasjonal			endring, Oslo 30. september –	
	terrorisme	13		1. oktober 2004	39
3.5	Samarbeidet med andre organisa-		5	Førebygging av kvardagsvold i	
	sjonar	13		Europa: Reaksjonar i eit demokratisk	
3.6	Budsjett for Europarådet	14		samfunn	42
			6	Medlemsland i Europarådet i 2003	
4	Menneskerettar og demokrati-			og 2004	44
	bygging	15	7	Rettsakter som er iverksette av Noreg	
4.1	Den europeiske			og saker som gjeld Noreg frå 1. januar	
	menneskerettskonvensjonen	15		2003 til 31. desember 2004	45
4.2	Den europeiske		8	Forkortingar av ekspert- og	
	menneskerettsdomstolen	15		styringsgrupper der Noreg deltek ...	59



DET KONGELEGE
UTANRIKSDEPARTEMENT

St.meld. nr. 38

(2004–2005)

Noregs deltaking i Europarådet i 2003 og 2004

*Tilråding frå Utenriksdepartementet av 3. juni 2005,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

1 utfordringar for Europarådet

Hovudutfordringa for Europarådet i åra framover er å gjere heile det europeiske kontinentet til eit område der menneskerettane, demokratiet og rettsstaten vert respekterte fullt ut. Dette er ei oppgåve av historisk omfang. Den framleis ustabile situasjonen på Balkan og i fleire av landa og områda i det tidlegare Sovjetunionen syner at dei utfordringane som låg til grunn for opprettinga av Europarådet, er høgst aktuelle.

Noreg hadde formannskapet i ministerkomiteen i Europarådet i seks månader i 2004. For regjeringa representerte det eit høve til å påverke dagsordenen i ein av dei eldste og breiast samansette europeiske samarbeidsorganisasjonane, og ein sjanse til å fremje norske politiske interesser i Europa.

Sist Noreg hadde formannskapet var i 1989. Det har skjedd store forandringar i Europa sidan då, noko som også har påverka samarbeidet i Europarådet. I dag er det ein organisasjon med 46 medlemsstatar, dobbelt så mange som i 1989, med til saman 800 millionar innbyggjarar.

Styrken til Europarådet ligg i å utvikle og gjennomføre standardar på rettsstats- og demokratiområdet. Dette er grunnleggjande bidrag til forebygging av konflikt og sikring av menneskerettane. Gjennom europarådskonvensjonane er det lagt eit felles rettsleg grunnlag på sentrale samfunnsom-

råde, og organisasjonen forvaltar viktige kontroll- og oppfølgingsmekanisamar.

Samstundes er det nødvendig med reformer for å styrkje og effektivisere arbeidet i Europarådet. Den viktigaste saka under den norske formannskapet var såleis å få sett i gang reforma for å sikre framtida til Den europeiske menneskerettstolen i Strasbourg. Denne reforma blei vedteken samstundes med at Noreg tok over formannskapet i mai 2004. Bakgrunnen er at bunken av ubehandla saker ved domstolen stadig veks, noko som truar heile institusjonen. Reforma går mellom anna ut på å betre situasjonen i medlemslanda slik at brot på konvensjonen ikkje oppstår, eller at dei blir retta opp på ein korrekt måte på nasjonalt plan. Det er også viktig å betre effektiviteten til domstolen og gjennomføre dommar. Noreg arrangerte eit høgnivåseminar i Oslo i oktober 2004 som gav konkrete forslag til korleis reformprosessen kan førast vidare. Noreg arbeidde også aktivt for at medlemslanda skulle underteikne og ratifisere reformpakken (sjå nærare under om reforma i kapittel 2 pkt. 2).

Regjeringa meiner at det er nødvendig å sikre Europarådet sin plass i den samla europeiske arkitekturen. Arbeidet i Europarådet må også sjåast i samheng med oppgåvene til Organisasjonen for tryggleik og samarbeid i Europa (OSSE) og eit utvida EU. Ei viktig prioritering under den norske

formannskapet var difor eit sterkare samarbeid med desse organisasjonane og at dei må framheve sine fordelar der dei har ekstra bidrag og særleg kompetanse. Noreg tok initiativ til å etablere ein mekanisme for konkret samarbeid mellom Europarådet og OSSE. Dette opplegget blei godt motteke, og begge organisasjonane vedtok tekstar slik at mekanismen no er operativ.

EU-utvidinga har ført til ønske om ei klårare rollefordeling mellom EU og Europarådet. Regjeringa meiner det er særleg viktig å unngå to konkurrerande menneskerettsstandardar i Europa. Den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK), som er grunnlaget for Den europeiske menneskerettsdomstolen (EMD) i Strasbourg, er berykta i samarbeidet i Europarådet og i forvaltninga av menneskerettane i Europa. Forfatningstraktaten for EU vart underteikna i Roma i oktober 2004. Pakta om dei fundamentale rettane er innarbeidd i forfatninga, og vil på denne måten bli rettsleg bindande. Samstundes står det i traktaten at EU skal bli part i EMK. Dette vil gjere det mogeleg å halde fram med ein sams standard for menneskerettar og å sikre eit sameint vern av menneskerettane i Europa, også i høve til EU-organa. Med EMD til å kontrollere at EU respekterer menneskerettane, vil menneskerettane stå sterkare i Europa. I desember 2003 vedtok Det europeiske rådet å opprette eit nytt EU-byrå for menneskerettar. Eit anna viktig spørsmål vil såleis vere kor-

leis dette menneskerettsbyrået skal arbeide og korleis det skal samverke med Europarådet.

Regjeringa meiner at Europarådet òg har ei rolle å spele i førebygging av konflikhtar, blant anna ved å arbeide for godt styresett og å fremje forståing mellom ulike kulturar. Under formannskapet blei difor arbeid på dette området prioritert. Særleg utdanning har eit potensial til å fremje kunnskap og forståing mellom kulturar og ulike trusamfunn. Det var tema under ein konferanse som Noreg arrangerte i Oslo om interreligiøse aspekt ved utdanning. Vidare vil demokratisk deltaking og godt styresett på regionalt og lokalt nivå vere viktig for stabile demokratiske styresett og førebygging av konflikhtar. Under formannskapsperioden arrangerte den norske formannskapet difor ein stor konferanse i Oslo om dette emnet.

Formannskapet fall saman med førebuingane til det tredje toppmøtet mellom stats- og regjeringssjefane i medlemslanda. I juli 2004 vart det vedteke å halde toppmøtet i Warszawa 16.–17. mai 2005. Etter regjeringa sitt syn er toppmøtet eit høve for Europarådet til leggje ein strategi for framtida. Noreg har arbeidd for hovudsakene frå formannskapet og for at tanken om å gjere Europarådet til ein meir effektiv og open organisasjon får gjennomslag på toppmøtet. Regjeringa meiner at dette bør vektleggjast for at Europarådet skal kunne utvikle seg positivt i tida framover.

2 Den norske formannskapet (mai–november 2004)

2.1 Innleiing

Frå mai til november 2004 hadde Noreg formannskapet i ministerkomiteen, som er det øvste vedtaksorganet i Europarådet. Prioriteringane var tredelte: styrking av det europeiske menneskerettssystemet og det rettslege samarbeidet, styrking av samarbeidet mellom dei europeiske organisasjonane, særleg OSSE og EU, og vidareutvikling av Europarådet si rolle i konfliktførebygging gjennom politisk dialog og arbeid for godt styresett og auka forståing mellom ulike kulturar.

2.2 Styrking av det europeiske menneskerettssystemet

På ministermøtet i mai 2004 vart det vedteke ein reformpakke som skulle sikre framtida for Den europeiske menneskerettsdomstolen. Grunnen til dette var at talet på klagemål til domstolen har auka kraftig dei seinare åra, noko som har ført til store restansar og lang saksbehandlingstid. Reformpakken inneheld desse elementa: 1) protokoll 14 til den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK) om endring i kontrollsystemet til konvensjonen, som særleg skal gjere domstolen meir effektiv, 2) fem tilrådingar til medlemsstatane som skal betre gjennomføringa av EMK på nasjonalt plan og slik minske talet på klagemål til domstolen i Strasbourg, 3) ein resolusjon retta mot domstolen om dommar som avdekkjer underliggjande systemfeil, og 4) ei erklæring som mellom anna seier at komiteen av faste representantar skal treffe særlege og effektive tiltak for å sikre betre og raskare gjennomføring av dommane frå domstolen, særleg slike som avdekkjer underliggjande systemfeil. Komiteen av faste representantar skal føre tilsyn med at statane gjennomfører tilrådingane som er nemnde i punkt 2 ovanfor, og komiteen skal sørgje for tilstrekkelege ressursar – særleg for domstolen – til å gjennomføre protokoll 14 til EMK.

Ei særleg viktig sak for Noreg var å sørgje for at denne reformprosessen vart ført vidare, etter som domstolen er sjølvne berebjelken for Europarå-

det i arbeidet med å fremje menneskerettar, demokrati og rettsstat. Norske styresmakter arrangerte i samarbeid med Europarådet eit seminar i Oslo 18. oktober 2004 om reform av det europeiske menneskerettssystemet. Seminaret vart opna av kronprins Haakon. Utanriksministeren, presidenten i Den europeiske menneskerettsdomstolen og leiarer for menneskerettsavdelinga i sekretariatet for Europarådet heldt hovudinnlegg. Seminaret munnar ut i ei liste med konkrete forslag til korleis reformprosessen kan førast vidare. Ein hovudkonklusjon er at balansen mellom nasjonalt og internasjonalt menneskerettsvern må rettast opp. Medlemsstatane må ta eit større ansvar for å oppfylle sine menneskerettspplikter. Dei kan ikkje skyve ansvaret over på domstolen i Strasbourg. Konklusjonane, som er lagde ved denne meldinga, er lagde fram i relevante organ i Europarådet. Regjeringa arbeider for at dei skal følgjast opp vidare. Noreg tok under formannskapet også kontakt på høgt nivå med alle medlemsland med oppmoding om undertekning og ratifisering av protokoll 14 til EMK.

Internasjonal terrorisme som trussel mot demokratiet og menneskerettane var eit sentralt tema for ministerkomiteen i den norske formannsperioden. Nokre medlemsland, mellom dei Russland, Spania og Tyrkia, vart hardt råka av terroristanslag. Etter Beslan-tragedien i september 2004 kom ministerkomiteen straks saman etter initiativ frå Noreg for å finne fram til korleis Europarådet betre kan nytte sin kompetanse i kampen mot internasjonal terrorisme. Delegatane vedtok ei politisk erklæring om terrorisme 9. september 2004. Ekspertkomiteen som er utnemnd av Europarådet til å ta hand om spørsmål som gjeld terrorisme, og andre relevante komitear, vart instruerte om å intensivere arbeidet for å rette på manglar i internasjonal lovgjeving og internasjonale vedtak. Styringskomiteen for menneskerettar har starta prosessen med å treffe ei endeleg avgjerd så snart som råd når det gjeld retningslinjer for vern av terroroffer. Land som enno ikkje har ratifisert tilleggsprotokollen til den europeiske konvensjonen mot terrorisme, er blitt sterkt oppmoda til å gjen-

nomføre dei nasjonale endringane som er nødvendige for å setje denne i verk.

Eit anna spørsmål i tilknytning til menneskerettane er den auka valdsbruken i dagleglivet. Europarådet har utarbeidd forslag til tiltak for å bøte på dette, og Noreg arrangerte ein breitt opplagd konferanse i Oslo 7.–9. november 2004 for å leggje fram og drøfte desse tiltaka.

Den norske formannskapet tok også initiativ til ein konferanse i Strasbourg 8.–9. november 2004 for å styrkje rettane til funksjonshemma born. Konferansen tok føre seg funksjonshemma born og foreldra deira med tanke på å fremje rettane og livsvilkåra deira (sjå nærare vedlegg 1 kapittel 3 pkt. 1).

Det blei gjennomført fleire tiltak i Strasbourg for å profilere Noreg under formannskapet. I samband med møtet i ministerkomiteen i mai 2004 blei det opna ei retrospektiv utstilling med bilete av kunstnaren Kjell Pahr-Iversen. Det blei arrangert ei norsk utstilling om Nobels fredspris. Det blei også lansert ein omfattande kampanje for norsk sjømat på den franske marknaden.

2.3 Styrking av samarbeidet mellom europeiske organisasjonar

Noreg hadde under formannskapet ei leiande rolle i arbeidet med å avklare Europarådet si rolle i høve til andre internasjonale organisasjonar, særleg OSSE og EU. Ei viktig sak for regjeringa var det norske initiativet for å styrkje samarbeidet og å sikre auka komplementaritet mellom Europarådet og OSSE. Dette vart teke godt imot av den dåverande bulgarske formannen for OSSE, og vart drøfta på møtet mellom utanriksministrane Petersen og Passy i Sofia 13. oktober 2004. Ministrane var einige om at eit sterkare samarbeid må til, og det blei lagt fram eit norsk dokument som føreslo ei rekkje tiltak for å leggje til rette for eit betre samarbeid mellom dei to organisasjonane. Dette dokumentet vart lagt til grunn for eit felles initiativ som føreslo oppretting av ei koordineringsgruppe mellom dei faste representantane i Strasbourg og i Wien. Denne gruppa fekk i oppdrag å sjå nærare på samarbeidet mellom dei to organisasjonane og komme med konkrete forslag til oppfølging. Initiativet vart vedteke i desember. Ei oppfølging av vedtaket vil bli ein del av dagsordenen for toppmøtet i Warszawa.

Noreg deltok også i det arbeidet som er sett i gang for ytterlegare å styrkje samarbeidet med EU

gjennom rapportørgruppa for tilhøvet til EU, og leier arbeidet i gruppa.

2.4 Vidareutvikling av Europarådet si rolle i konfliktførebygging

Som ein tredje prioritet under formannskapet la Noreg vekt på ei vidareutvikling av Europarådet si rolle i konfliktførebygging, blant anna ved å arbeide for godt styresett og fremje forståing mellom ulike kulturar. Utdanning kan etter regjeringa sitt syn vere med på å fremje kunnskap og forståing mellom kulturar og ulike trussamfunn. Dette var hovudtema under ein konferanse med fokus på interreligiøse aspekt ved utdanning som vart arrangert i Oslo i juni 2004. Deltakarar var mellom anna representantar frå utdannings- og forskingsinstitusjonar i medlemslanda i Europarådet.

For regjeringa er det viktig å få i stand demokratisk deltaking og godt styresett på regionalt og lokalt nivå for å utbreie stabile demokratiske styresett og førebyggje konfliktrar. Dette var tema for ein stor konferanse som vart arrangert i Oslo 30. september og 1. oktober 2004 med deltaking på ministernivå frå fleire medlemsstatar. På konferansen vart det drøfta korleis Europarådet best kan nyttast for å styrkje godt styresett gjennom samarbeid på lokalplanet mellom medlemslanda. I tillegg vart det stadfesta at Europarådet vil ha ei leiande rolle når det gjeld utvikling og gjennomføring av standardar for overvaking innanfor lokal- og regionaldemokrati.

Regjeringa ser på barne- og ungdomssamarbeidet som ein viktig del av den førebyggjande innsatsen, og har stilt ein ekspert til rådvelde for arbeidet i Strasbourg med å samordne barne- og ungdomspolitikken i Europarådet. Noreg gav òg støtte til minoritetsarbeidet, m.a. ved eit seminar om tiltak for å fremje sysselsetjing for roma- og sintiungdom (sjå nærare kapittel 4, pkt. 5)

2.5 Politisk deltaking under formannskapet

Under formannskapet heldt statsministeren tale for sommarsesjonen i parlamentarikarforsamlinga den 23. juni 2004, og la særleg vekt på behovet for internasjonal dialog og konfliktførebyggjande arbeid. Utanriksministeren gjorde greie for det norske formannsapsarbeidet under møtet i ministerkomiteen i Strasbourg i mai 2004 og i parlamentarikarforsamlinga i juni og oktober same året.

Under formannskapet tala kommunal- og regionalministeren til årsmøtet for kongressen for lokale og regionale styresmakter i mai 2004. Det var også deltaking på statssekretærnivå på ei rekkje møte og konferansar under formannskapsperioden.

Utanriksministeren besøkte Vest-Balkan frå 13. til 15. september som formann i ministerkomiteen. Han vitja Sarajevo, Beograd og Pristina for å drøfte den politiske utviklinga og forholdet til Europarå-

det for Bosnia-Hercegovina og Serbia og Montenegro. Utanriksministeren vitja Georgia, Armenia og Aserbajdsjan frå 7. til 13. oktober 2004. Dette besøket var ein del av dialogen mellom organisasjonen og dei tre Kaukasus-statane, som er blant dei nyaste medlemslanda i Europarådet, mellom anna for å vurdere utfordringane desse landa møter i arbeidet med å tilpasse seg dei standardane Europarådet praktiserer.

3 Det politiske samarbeidet

3.1 Europarådet. Medlemsland og institusjonar

Europarådet har i dag 46 medlemsland. Det einaste landet på det europeiske kontinentet som enno ikkje er medlem, er Kviterussland. Behandlinga av søknaden frå Kviterussland har vore suspendert sidan 1997 på grunn av dei innanrikspolitiske tilhøva i landet. Dei grunnleggjande vilkåra for medlemskap i Europarådet er eit fungerande demokratisk styresett med frie val, respekt for rettsstatsprinsippa og vern om menneskerettane, medrekna minoritetsvern. Kviterussland har enno eit godt stykke igjen før vilkåra er oppfylte. Den norske formannen i ministerkomiteen uttrykte i ei pressemelding 18. oktober 2004 særleg uro over parlamentsvalet og folkerøystinga som fann stad 17. oktober 2004.

Serbia og Montenegro vart medlem i april 2003, medan Monaco kom med i organisasjonen i oktober 2004. Desse tilslutingane er resultat av lange prosessar, og er overtydande eksempel på at statar utfører forbetringar som gjer det mogeleg å verte medlem i Europarådet.

Dei politiske hovudorgana i Europarådet er ministerkomiteen og parlamentarikarforsamlinga. Ministerkomiteen består av utanriksministrane i medlemslanda. Tidlegare har ministrane komme saman to gonger i året. Ei omlegging til årlege møte er for tida under utprøving. Regjeringa er positiv til ei slik reform. Eit forsøk på å dreie møtet i retning av meir politisk debatt er ønskjeleg. Mellom møta i ministerkomiteen har komiteen av faste representantar fullmakt til å gjere vedtak på vegner av Europarådet. Her sit dei faste representantane (ambassadørane) for medlemslanda i Strasbourg, som normalt møtest ein gong i veka.

Parlamentarikarforsamlinga er samansett av representantar for nasjonalforsamlingane i medlemslanda, og har ein rådgjevande funksjon i høve til ministerkomiteen. Forsamlinga samlast til fire sesjonar i året, kvar på ei veke. Den norske delegasjonen til parlamentarikarforsamlinga omfattar ti stortingsrepresentantar – fem medlemmer og fem varamedlemmer. Dei politiske omveltingane i

Georgia og Ukraina, den politiske situasjonen i Moldova og konflikten i Tsjetsjenia stod i 2003 og 2004 sentralt i arbeidet til parlamentarikarane. I juni 2004 valde forsamlinga briten Terry Davis til ny generalsekretær i Europarådet.

Den europeiske menneskerettsdomstolen er Europarådet sitt hovudorgan for å sjå til at medlemslanda etterlever den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK), som tok til å gjelde i 1953. I domstolen sit ein dommar frå kvart av medlemslanda. Norsk dommar er Sverre Jebens.

Kongressen for lokale og regionale styresmakter møtest ein gong i året, og består av representantar for kommunale og regionale styresmakter i medlemslanda. Kongressen arbeider for å fremje samarbeidsprosjekt på lokalt og regionalt nivå, med særleg vekt på oppbygging av lokale styresmakter i dei nye medlemslanda. Frå Noreg deltek representantar frå Kommunenenes Sentralforbund. Politisk leiar i KS, Halvdan Skard, leier den eine av dei to avdelingane i kongressen (lokale styresmakter).

Europarådets utviklingsbank (CEB) er ei vidaføring av det tidlegare europeiske sosialfondet. Banken har 38 medlemsland, og gjev lån til prosjekt innan flyktning- og asylspørsmål, utvikling av små og mellomstore bedrifter, utbygging av helse- og sosialsektoren og støtte til offer for miljøkatastrofar. Banken prioriterer dei nye medlemslanda i Sentral- og Aust-Europa. Noreg sit i styret for banken.

3.2 Møta i ministerkomiteen

3.2.1 Det 112. ministerkomitémøtet

Møtet vart avvikla i Strasbourg 14.–15. mai 2003. Moldova tok over formannskapet etter Malta. Ministrane diskuterte den framtidige rolla til Europarådet og eit eventuelt tredje toppmøte. Ei viktig sak var tiltak for å betre effektiviteten i menneskerettsdomstolen. Ministrane bad om at arbeidet med å konkretisere tiltaka i form av ein samla reformpakke, inkludert ein endringsprotokoll til menneskerettskonvensjonen, skulle vere klart til

møtet i ministerkomiteen i mai året etter. Elles hadde ministrane mellom anna ordskifte om tiltak mot menneskehandel og mot internasjonal terrorisme.

3.2.2 Det 113. ministerkomitémøtet

Møtet vart halde i Chisinau i Moldova 5.–6. november 2003, der Nederland tok over formannskapet. Hovudtema var samarbeidet mellom Europarådet og EU, det tredje toppmøtet og oppfølging av spørsmål frå det føregåande ministermøtet. Her kan særskilt nemnast tiltak for å betre effektiviteten til domstolen og kampen mot internasjonal terrorisme og menneskehandel. Utanriksministeren gav i sitt innlegg klart uttrykk for at ein måtte intensivere arbeidet med å få fram ein så relevant politisk agenda som mogeleg for toppmøtet. Dette måtte falle på plass før ein kunne drøfte tidspunkt for toppmøtet.

På dei to ministerkomitémøta i 2003 var den politiske deltakinga relativt låg. Det vart bestemt å innføre ei prøveordning ved å redusere møtefrekvensen til eitt møte per år og samtidig gjere møta meir politisk relevante.

3.2.3 Det 114. ministerkomitémøtet

Møtet vart halde i Strasbourg 12.–13. mai 2004, og Noreg tok over formannskapet. Hovudtema for møtet var reform av det europeiske menneskerettssystemet, særleg protokoll 14 til EMK, ei reform for å betre effektiviteten til domstolen. Ministrane oppfordra alle landa til å underteikne og ratifisere protokollen så snart som mogeleg. I alt 17 land underteikna protokollen i samband med møtet, blant dei Noreg. Vidare diskuterte ministrane det tredje toppmøtet, og Polen fremja tilbod om å halde møtet i Warszawa. Endeleg vedtak om fastsetjing av dato for møtet vart overlate til dei faste representantane i Strasbourg. Andre hovudpunkt på dagsorden var kampen mot internasjonal terrorisme og tilhøvet mellom Europarådet, EU og OSSE. Utanriksministeren la fram prioriteringane for den norske formannskapet.

3.3 Utviklinga i medlemslanda

Situasjonen i Tsjetsjenia har vore kontinuerleg på dagsordenen. Ved utgangen av 2004 var det framleis grunn til djup uro over forholda i delrepublikken. Ministerkomiteen har dessutan følgd nøye med på utviklinga i Armenia og Aserbajdsjan. Utviklinga på Balkan har også stått sentralt i arbei-

det i komiteen av faste representantar, både når det gjeld situasjonen i Bosnia-Hercegovina, Kosovo og Serbia og Montenegro. Hendingar i Ukraina, Moldova, Georgia og Tyrkia har på same vis blitt nøye følgde.

I tillegg til den vedvarande debatten om aktuelle politiske spørsmål i medlemslanda, har ministerkomiteen etablert kontrollmekanismar for å sjå til at medlemslanda oppfyller pliktene sine innanfor kjerneområda til Europarådet. På grunnlag av innspel frå medlemslanda utarbeider generalsekretæren rapportar om medlemslanda på konkrete felt. På grunnlag av rapportane vert situasjonen vurdert på møte i komiteen av faste representantar. Konklusjonane frå desse møta gjev viktige retningslinjer for samarbeidsprogramma i Europarådet.

3.3.1 Engasjementet på Balkan

Europarådet har også i 2004 lagt ned eit stort arbeid i prosessen med å stabilisere dei politiske tilhøva på Balkan. Mykje av dette arbeidet har skjedd innanfor ramma av stabilitetspakta for Sør-aust-Europa, men Europarådet har også gjennomført egne program i regionen. Europarådet har etablert egne kontor, som er samlokaliserte med feltkontora til OSSE i Beograd, Pristina, Sarajevo, Podgorica, Skopje og Tirana. Den vanskelege situasjonen i delar av Kaukasus og Europarådet sitt omfattande engasjement der har sett arbeidet på Balkan litt i skuggen, men det vil framleis vere ei stor utfordring å skape stabile forhold på Balkan. Assistanse innan politiarbeid og arbeid knytt til utviklinga av rettsstaten står som store og viktige oppgåver. Europarådet har eit særleg ansvar på det sistnemnde feltet.

Serbia og Montenegro vart medlem av Europarådet i 2003. I samband med dette vart det lagt opp ein strategi for korleis landet skulle etterkomme dei pliktene medlemskapen medfører. Styresmaktene har vist gode intensjonar og enkelte resultat er synlege, men på mange område går utviklinga sakte. Blant dei aktuelle satsingsområda er demokratiske institusjonar, vern av menneskerettar og minoritetar, samsvar med rettsstatsprinsipp og utdanning. Ein trur at fleire ICTY-tiltalte (ICTY-krigsforbrytardomstolen for det tidlegare Jugoslavia) framleis oppheld seg i Serbia og Montenegro, og ein ønskjer difor betre samarbeid mellom styresmaktene og domstolen.

Europarådet har vore til stades i Kosovo sidan krigshandlingane tok slutt, i samsvar med tryggingrådsresolusjon 1244. Organisasjonen har samarbeidd med andre representantar frå det

internasjonale samfunnet på staden. Fire store arbeidsområde kan skiljast ut: overvaking av forsamlingsvalet som fann stad 23. oktober 2004, bruk av Europarådet sine mekanismar for vern av menneskerettar og standardar, desentralisering og restaurering av kulturarv.

I Bosnia-Hercegovina har Europarådet fortsett arbeidet på sine satsingsområde etter at landet vart medlem av organisasjonen i 2002. Ein har oppfordra styresmaktene til å gjennomføre demokratiske reformer og å vise respekt for det landet har forplikta seg til som medlem. Dette er særleg med tanke på overvakingsrapportane frå sekretariatet der dei kjem med ulike tilrådingar. Ein større innsats er ønskt på område som sakna personar, utdanning, fullt samarbeid med ICTY og styrking av arbeidet for rettferd og forsoning.

Stabilitetspakta for Sørøst-Europa er eit samarbeidsprogram mellom internasjonale organisasjonar som er engasjerte på Vest-Balkan, mellom anna EU, OSSE og Europarådet. Pakta har som målsetjing å styrkje det politiske og økonomiske samarbeidet mellom landa i regionen og å leggje til rette for å integrere landa i europeiske samarbeidsstrukturar. Det vert lagt stor vekt på å involvere dei aktuelle landa aktivt i arbeidet gjennom såkalla arbeidsbord. Europarådet er engasjert på følgjande hovudområde: utvikling av lovgjeving som er i samsvar med menneskerettskonvensjonen og andre sentrale europarådsinstrument, styrking av lokalt demokrati og desentralisert samarbeid, oppretting av ombodsmannsinstitusjonar, oppbygging av fleirkulturelle samfunn som sikrar respekt for nasjonale minoritetar, styrking av ytringsfridom og frie medium, utvikling av utdanningssystem bygde på demokratiske verdiar, likestillingsspørsmål, kamp mot organisert kriminalitet og korrupsjon, fattigdomsreduksjon og berekraftig utvikling. Dagsordenen er ambisjøs, men er uttrykk for prioriteringar som er grunnleggjande for Europarådet. Dette er i tråd med norske politikk.

3.3.2 Engasjementet i Kaukasus

Kaukasus har vore eitt av dei prioriterte områda for ministerkomiteen. Regionen er prega av uløyste konflikhtar som hindrar demokratisk utvikling. Komiteen har følgd utviklinga nøye, og fleire tiltak er sette i gang når det gjeld hjelp med reformer og overvaking av medlemskapstilsegner. Det har vore enkelte tilfelle av framskritt.

Europarådet har fått ei viktigare rolle i Tsjetsjenia etter at mandatet for OSSE-nærværet tok slutt ved utgangen av 2002. Dette er eit stort ansvar og eit teikn på at Europarådet framleis har ei politisk

rolle å spele. Situasjonen i Tsjetsjenia har kravd stadig fornya merksemd. Trass i vanskar på bakken har ein halde fram med å gjennomføre samarbeidsavtalen med Russland frå 2003. Eit stort tal aktivitetar er blitt utførte i samarbeid med den russiske menneskerettskommisjonen, som koordinerer Europarådet sine program i Tsjetsjenia. Menneskerettskommisjonen for Europarådet har også gjort ein stor innsats for å skape dialog i området, og er av den tsjetsjenske presidenten blitt beden om å halde fram med dette arbeidet.

Armenia og Aserbajdsjan vart begge medlemmer i 2001. Europarådet har i dag eigne rådgjevingskontor i Jerevan og Baku. I samband med medlemskapen forplikta landa seg til å fortsetje ein dialog med hjelp frå Minsk-gruppa i OSSE for å finne ei fredelig løysing på den over ti år lange konflikten i Nagorno-Karabakh. Separatistkrøslar dominerer framleis området, og situasjonen i dag er vanskeleg. FN-resolusjonar om tilbaketrekking av militære styrker har ikkje ført fram, og utviste personar har framleis ikkje kunna flytte heim att. Konflikten vert drøfta i parlamentarikarforsamlinga, der ein no har teke til orde for ein kampanje for toleranse- og informasjonsarbeid i dei to landa. Det er også andre tilsegner overfor Europarådet som landa ikkje har halde. Dette gjeld konstitusjonelle reformer og valpraksis, i tillegg til diverse borgarrettar. Ministerkomiteen har ei overvakingssgruppe som rapporterer jamleg om utviklinga. Ei anna sak som har vore drøfta i ministerkomiteen, gjeld politiske fangar i Aserbajdsjan. Etter presidentdekretet av 20. mars 2005, som m.a. gav nåde til dei sju opposisjonsleiarane som blei arresterte etter presidentvalet i 2003, står det framleis att tre namn på Europarådet si opphavlege liste over 716 politiske fangar.

I Georgia har ministerkomiteen merkt seg dei framstega som er gjorde i oppfylginga av medlemskapstilsegnene, særleg etter "roserevolusjonen" i 2003. Komiteen har oppfordra landet til å følgje tilrådingane i overvakingsrapporten frå sekretariatet om å fullføre demokratiske reformer. Europarådet held jamleg oppsyn med demokratiske institusjonar – også regionale, domstolar og lovforsterkande organ og kampen mot korrupsjon og organisert kriminalitet. Som følgje av konflikten i Sør-Ossetia sommaren 2004 oppfordra ministerkomiteen styresmaktene til å arbeide med lokalt sjølvstyre i separatistregionane i samarbeid med Europarådet. President Saakashvili lanserte ein plan for sjølvstyre i Sør-Ossetia under sitt innlegg i parlamentarikarforsamlinga i januar 2005. Denne planen inneber eit lokalt folkevalt og utøvande organ som vil få mange ansvarsområde. Mykje vil også bli gjort for

å gje kompensasjon til dei som har lidd under konflikten. I motsetnad til Adsjaria, som er fredeleg reintegrert i Georgia, og der Europarådet spela ei positiv rolle gjennom sitt arbeid, er det enno ingen framgang når det gjeld Abkhasia.

3.3.3 Engasjementet i Ukraina, Moldova og Tyrkia

Presidentvalet i Ukraina i 2004 vart sett på som ein prøve for landet si demokratiske framtid. Valet vart følgd nøye av Europarådet for å sjå om det var i samsvar med demokratiske standardar. Polen, som då var formannskapsland, spela ei viktig rolle i arbeidet med gjennomføringa av ny valomgang. Den nyvalde ukrainske presidenten Viktor Justsjenko har som uttala mål å gjere demokratiske reformer irreversible, i tillegg til å tilpasse ukrainsk lov til europeiske lovverk og verdjar.

Ministerkomiteen har også hatt situasjonen i Moldova på agendaen fleire gonger. Nokre av prioriteringane har vore oppfølging av pluralistisk demokrati, rettsstat og menneskerettar. Konflikten i regionen Transnistria har ført til mange debattar. Ein har særleg følgd to viktige saker: stenginga av moldovske skular i dette området, der utanriksministeren som formann i ministerkomiteen gav uttrykk for stor bekymring, og vanskaner med å få frigjevne to av dei fire fangane i den såkalla Ilascusaka for domstolen (ref. kapittel 4 pkt. 4.2). Ministerkomiteen ser med stor uro på at dette har utvikla seg til ein region der ingen land vil innrømme juridisk ansvar og autoritet, og at slike saker difor vanskeleg kan løysast. Motvilje mot å sleppe inn utsendingar i området gjer dialog endå vanskelegare. Europarådet samarbeider no med Europakommisjonen i dette området.

I juni 2004 vedtok parlamentarikarforsamlinga å avslutte overvakingssprosedyrane i Tyrkia. Dette vart resultatet etter at Europarådet såg seg nøgd med framgangen landet har hatt når det gjeld gjennomføring av reformer i samsvar med den europeiske menneskerettskonvensjonen. Europarådet har eit samarbeid med EU for å støtte landet sine europeiske perspektiv.

3.4 Arbeidet mot internasjonal terrorisme

Arbeidet mot internasjonal terrorisme har vore særleg høgt prioritert i Europarådet sidan terrorhandlingane i USA 11. september 2001. Europarådet har i første rekkje verka på dei områda der det

har mest sakkunne og røynsle, som til dømes samarbeid om utvikling av felles europeiske rettsreglar. Arbeidet er grunna i retningslinjene for menneskerettar og kamp mot terrorisme som ministerkomiteen vedtok i juli 2002. Den europeiske konvensjonen om kamp mot terrorisme frå 1977 er ein sentral konvensjon, og sikrar utlevering av terroristar gjennom å gjere det klart at terrorhandlingar ikkje kan kallast politiske (politiske handlingar inneber normalt unntak frå plikt til å utlevere). I mai 2003 vart ein endringsprotokoll, som mellom anna utvida lista over terrorhandlingar, opna for underteikning. Som første land ratifiserte Noreg protokollen i september same året.

For å følgje opp arbeidet mot terrorisme vart ekspertkomiteen mot terrorisme oppretta i februar 2003. Komiteen fekk i juni 2004 fornya mandat, og fremja på det grunnlaget eit første forslag til ein ny konvensjon om førebygging av terrorisme i desember same året. Denne konvensjonen har tre hovudsiktemål, nemleg kriminalisering av offentleg oppmoding til terrorhandlingar, rekruttering til terrorisme og øving i terrorhandlingar. Konvensjonen var klar for underteikning til det tredje toppmøtet i mai 2005. Frå norsk side har vi vore særleg opptekne av at arbeidet skal gje konkrete resultat og at ein må unngå dobbeltarbeid i forhold til arbeid i FN-regi.

Europarådet har ved sida av dette også utarbeidd eit sett retningslinjer om offer for terrorhandlingar, som kjem i tillegg til retningslinjene om tiltak mot terrorisme og forholdet til menneskerettane.

3.5 Samarbeidet med andre organisasjonar

Europarådet og EU møtest to gonger i året til konsultasjonar i såkalla høgnivåmøte. På høgnivåmøta i 2003 diskuterte ein EU-charteret for grunnleggjande rettar og utsiktene for at EU formelt tiltrer som part i menneskerettskonvensjonen. Parlamentarikarforsamlinga har gått sterkt inn for dette. Vidare drøfta ein utvida prosjektsamarbeid. På dei to høgnivåmøta i 2004 vert føresetnadene for eit toppmøte ei hovudsak, ved sida av eit nærare samarbeid mellom EU og Europarådet. Noreg har, som rapportør for tilhøvet til EU, vore deltakar på høgnivåmøta sidan 2004.

Samarbeidet mellom OSSE og Europarådet fokuserer særleg på demokrati, menneskerettar (inkludert minoritetsrettar), og styrking av rettsstatsprinsippa. Det vert lagt vekt på at samarbeidet

mellom dei to organisasjonane skal vere saksorientert. OSSE har sin styrke i det preventive diplomati og i evna til å handle raskt i felten ved hjelp av sine institusjonar og sendelag, medan Europarådet først og fremst arbeider i djupna med juridiske instrument og ekspertise på ei lang rekkje samfunnsområde for å medverke til langsiktig demokratisk utvikling. OSSE og Europarådet har hatt eit spesielt godt samarbeid i Kosovo, ikkje minst ved gjennomføringa av tryggingrådsresolusjon 1244. På politisk nivå samarbeider dei to organisasjonane mellom anna i form av høgnivåmøte. Etter norsk initiativ har ein styrkt medlemslanda si stilting i samarbeidet mellom dei to organisasjonane.

Samarbeidet mellom Europarådet og FN fekk eit gjennombrøt i år 2000, då Kofi Annan, generalsekretæren i FN, gjesta Strasbourg. I 2003 og 2004 har samarbeidet halde fram på hovudområda til Europarådet, dvs. demokratibygging, menneskerettar og rettsstatprinsipp. Det vert samarbeidd med fleire av særorganisasjonane i FN og i ei rekkje land, framfor alt på Balkan. Europarådet deltek kvart år på generalforsamlinga i FN i New York, og samarbeidet er oppført som eige punkt på dagsordenen. Annakvart år vert det fremja ein resolusjon om samarbeidet. I fjor var Noreg, som formann i ministerkomiteen, ansvarleg for forhandlingane om resolusjonen. Denne vart vedteken samrøystes i Strasbourg og utan debatt under generalforsamlinga i FN i New York.

Europarådet har opp gjennom åra utvikla nær kontakt med ei rekkje internasjonale ikkje-statlege organisasjonar som er aktive på Europarådet sine

fagområde. Rundt 400 organisasjonar har status som samarbeidsorganisasjonar hos Europarådet. Samarbeidet med ikkje-statlege organisasjonar er særleg godt utvikla innanfor arbeidet med ungdom.

3.6 Budsjett for Europarådet

Europarådet har dei siste åra hatt null realvekst i sine budsjett. Storbritannia, Russland og Frankrike er blant dei landa som ikkje har ønskt realvekst. På grunn av den kritiske situasjonen i domstolen er det likevel i stor grad semje om at budsjettet for domstolen bør aukast noko for å kunne gjennomføre ein nødvendig reformprosess. Dei to siste åra har domstolsbudsjettet difor hatt ein viss realauke.

Dei fem største bidragsytarane til Europarådet – Frankrike, Italia, Storbritannia, Tyskland og Russland – dekkjer kvar 12,3 % eller til saman 61,5 % av det ordinære budsjettet for organisasjonen. Det ordinære budsjettet var i 2004 på 180,5 millio- nar euro, der Noreg stod for 2 733 312 euro eller 1,5 % av det totale budsjettet. Medrekna finansiering av pensjonar og delavtalar (blant anna Pharmaco- peia og Eurimages) som Noreg er med i, betalte Noreg til saman 3 812 413 euro. I tillegg til denne budsjett delen ytte Noreg støtte til ei rekkje pro- sjekt i europarådsregi. Frivillige norske bidrag til Europarådet i 2004 utgjorde såleis 644 710 euro. Dei tre siste åra har Noreg stått for 4,4 % av dei samla frivillige bidraga.

4 Menneskerettar og demokratibygging

4.1 Den europeiske menneskerettskonvensjonen

Den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK) og dei 14 protokollane til denne er fundamentet for Europarådet sitt arbeid for menneskerettane. Konvensjonen vart vedteken i Roma i 1950, og er seinare utvida med protokollar. Konvensjonen omfattar dei grunnleggjande menneskerettane og har ei unik stilling i det europeiske menneskerettsvernet, særleg på grunn av kompetansen Den europeiske menneskerettsdomstolen har til å treffe bindande avgjerder mot statar som er part i konvensjonen, og ved at alle individ har rett til å fremje klagesaker. Regjeringa tillegg EMK og protokollane den største vekt.

Noreg er tilslutta EMK og protokoll 1 til 11 utan atterhald. I tillegg har Noreg underteikna og ratifisert protokoll 14. Denne protokollen vart vedteken som eitt av fleire reformtiltak for å sikre framtida til domstolen. Protokoll 14 opnar for meir effektive prosedyrar i handsaminga av innkomne klager. Noreg har også underteikna protokoll 12 om eit generelt forbod mot diskriminering, og protokoll 13 som inneber ei total avskaffing av dødsstraff. EMK og dei protokollane som inneheld materielle føresegner, er inkorporerte i norsk lovgjeving gjennom menneskerettslova og gjeld som norsk lov.

4.2 Den europeiske menneskerettsdomstolen

Den europeiske menneskerettsdomstolen (EMD) er det viktigaste instrumentet i Europarådet sitt arbeid for menneskerettane. Domstolen er oppretta i medhald av EMK. Personar og organisasjonar som meiner at rettane deira etter konvensjonen er krenkte, kan rette klage om dette til domstolen. Frå november 1998 har domstolen fungert i si noverande form med éin permanent dommar for kvart medlemsland. Dommar frå det nyaste medlemslandet, Monaco, er førebels ikkje vald. Når det skjer, vil det vere 46 dommarar i domstolen. Norsk dommar er Sverre Jebens.

I 2003 fatta domstolen om lag 18 000 avgjerder, av desse var 703 dommar og resten avgjerder om å avvise klager. I dommane vart det funne brot på EMK i 521 saker. Dei tilsvarende tala for 2004 er meir enn 21 000 avgjerder og 718 dommar. I dommane vart det funne brot på EMK i 588 saker. Dette inneber ein auke på om lag 18 prosent i talet på saker som vart avslutta. Dommar som er retta mot fire land – Tyrkia, Polen, Frankrike og Italia, utgjer meir enn halvparten av alle dommane (meir enn 60 pst. i 2003, 52 pst. i 2004).

Trass i auka effektivitet er domstolen ikkje i stand til å halde tritt med den aukande saksmengda. I 2003 kom det inn om lag 39 000 klager, medan dette talet auka til nær 45 000 klager i 2004. Resultatet er at det hopar seg opp med saker i EMD som er uavslutta. På slutten av 2004 var det meir enn 80 000 uavslutta saker. Av desse gjeld om lag 40 pst. klager frå fire land: Polen, Russland, Tyrkia og Romania. Dette gjev domstolen eit alvorleg kapasitetsproblem. Handsamingstida er aukande og er no på fleire år. Til dømes er dommen i Broniowski-saka (sjå nedanfor) frå juni 2004 grunna i ei klage frå mars 1996, medan Ilascu-dommen (sjå nedanfor) frå juli 2004 gjeld ei sak som vart innklaga i april 1999. På sikt vil desse problema gå ut over truverdet til domstolen. Dette er bakgrunnen for den omfattande reformpakken som vart vedteken av ministrane i mai 2004. Alle landa er samde om at det er særskilt viktig å setje i verk reformtiltaka i pakken som vart vedteken.

Regjeringa meiner at reformprosessen må sikre at ein får ei reell betring av situasjonen ved domstolen. Ein domstol som ikkje er velfungerande, er det største trugsmålet mot legitimiteten og framtida til EMD. Etter norsk syn er det særleg viktig at landa treffer nasjonale tiltak som sikrar at brot på EMK ikkje finn stad, og at ein set i verk ordningar som kan bøte på skaden for den det gjeld dersom brot likevel skjer.

Ministerkomiteen har ansvaret for å sjå til at avgjerder frå domstolen vert etterlevde i medlemslanda, og har møte for å gjennomgå oppfølginga av dommar. I dei aller fleste tilfelle set medlemslanda i verk nødvendige tiltak etter at dei har fått ein dom mot seg, men eit fåtal saker må komiteen følgje opp

aktivt. Generelt kan ein likevel slå fast at domstolen står sterkt. Også frå norsk side ser ein det som viktig å verne om domstolen sin posisjon i tida som kjem.

I åra 2003 og 2004 vart det sagt dom i fem saker mot Noreg. Fire saker gjeld tilhøvet mellom frifinnande dom i straffesaker og saker om erstatning. I desse sakene vart det sagt dom i februar 2003, og det blei konstatert EMK-brot i tre av dei. Dette er Hammern-saka og O-saka, som begge gjeld tilhøvet mellom ei frifinning og retten til å krevje erstatning for urettmessig straffefølgjing. Etter den då gjeldande straffeprosesslova var det eit vilkår for å få erstatning at den frikjende kunne prove som det mest sannsynlege at han ikkje hadde gjort det han var tiltala for. Før EMD sa sin dom, var desse reglane i lova endra slik at lova no er i samsvar med EMK. I dei to andre dommane var det berre i saka om fetteren til Birgitte Tengs at EMD fann brot på EMK. Denne saka gjaldt høvet mellom ei frifinning og erstatning til dei pårørande til offeret. EMD sa at ei frifinning i seg sjølv ikkje er til hinder for ei slik erstatning, men domsgrunnane som avgjorde erstatningssaka vart funne å så tvil om frifinninga, og dette vart sett på som brot på EMK. Det var med andre ord ei konkret tolking av domsgrunnane som låg til grunn for EMD-dommen, ikkje den norske ordninga. Den siste saka var Walston-saka som gjeld rett for ein part i rettssak til å få tilsendt saksdokument. Dom i denne saka fall i juni 2004. Alle sakene er fullbyrda, og ministerkomiteen har avslutta overvakinga av etterlevinga av dommane.

Ut frå andre dommar som er felte i åra 2003 og 2004, kan ein seie at eit mønster i utviklinga er at stadig fleire saker gjeld alvorlege brot på EMK og har sitt opphav i konfliktområde. I tillegg til denne allmenne observasjonen er det særleg to dommar som kan trekkjast fram fordi dei syner ei ny utvikling. Dommen i saka Broniowski mot Polen kom i juni 2004 som den første såkalla pilotdommen. Ein pilotdom er ein dom som inneber ei særskild handsaming av like klagesaker; sakene vert lagde til side til myndigheitene har sett i verk alle allmenne tiltak som er naudsynnte for å rette opp situasjonen som inneber brot på EMK. I Broniowski-saka går det fram at det var brot på retten til eigedom (EMK protokoll 1, art. 1) ikkje å tilby ei ordning som gjer det reelt mogeleg å få rimeleg erstatning for eigedommar som vart eksproprierte i det tidlegare Aust-Polen. Ein reknar med at det finst om lag 80 000 polakkar som er råka av problem av same slaget. I dommen sa EMD at allmenne tiltak må setjast i verk, og gjekk langt i å peike på kva type tiltak dette var. Dette vart gjort for å hjelpe polske styres-

makter med rask etterleving, slik at alle dei andre klagesakene kan avsluttast snarast råd utan vidare handsaming i domstolen. Dette er nytt, då det vanlege er at EMD ikkje gjer anna enn å slå fast at sjølve brotet ligg føre. På møte i ministerkomiteen der etterlevinga vert kontrollert, har Polen greidd ut om førebuingane som vert gjorde for å få til naudsynnte endringar i lov og praksis. Det er enno for tidleg å seie når desse endringane vil kunne få praktisk verknad for dei som er råka.

Den andre dommen som syner ei ny utvikling, var i saka Ilascu med fleire mot Moldova og Russland i juli 2004. Ilascu og andre vart fengsla i strid med EMK art. 5 (rettferdig rettargang) av styresmaktene i "Den moldovske republikken Transdnjestr", og vart handsama på eit vis som innebar brot på EMK art. 3 (mot umenneskeleg og nedverdiggjande straff). To av dei sat framleis fengsla då det vart sagt dom. Det nye er at dommen gjorde meir enn å slå fast brota; han slo også fast kva dei to statane måtte gjere for klagarane og når tiltaket skulle setjast i verk: dei fengsla måtte straks lauslatast. I saka Assanidze mot Georgia vart ein dom av same sorten sagt i april 2004. Her blei klagaren sett fri dagen etter at dommen vart sagt. Det har vore problem med etterlevinga av Ilascu-dommen, fordi kontrollen med kva som skjer i Transdnjestr-området er vanskeleg for dei to statane som fekk dommen mot seg. Sidan det gjeld klagarar som sit fengsla i strid med dom i EMD, har ministerkomiteen følgt utviklinga i saka på kvart møte sidan dommen vart sagt. Russiske styresmakter har i fråsegn frå juli 2004 sett seg imot at dei har rettsleg ansvar for å sikre lauslating. I ministerkomiteen er ein elles samde om at dommen må etterlevast, og det vil vere aktuelt å følgje med på vedtak som har dette som føremål.

4.3 Den reviderte europeiske sosialpakta

Noreg ratifiserte den reviderte europeiske sosialpakta i 2001. Pakta er ein revisjon og ei vidareutvikling av den europeiske sosialpakta av 1961. Ho inneheld reglar og rettslege standardar på områda arbeidsmarknad og arbeidsmiljø, helse- og sosiale spørsmål og trygd.

Sosialpakta er den viktigaste sosiale konvensjonen i Europarådet. Den reviderte pakta har på fleire område teke omsyn til utviklinga og dei grunnleggjande sosiale endringane som har skjedd sidan 1961. Moderniseringa gjeld mellom anna styrking av rettane til born og ungdom, likestillingsaspekt og familien sine rettar. Dei nye arti-

klane inneheld mellom anna føresegner om vern av arbeidstakarar når arbeidsforhold vert avslutta og når arbeidsgjevar går konkurs, sikring mot sosial utestenging og retten til bustad.

I 2003 behandla regjeringskomiteen, som består av representantar frå alle landa som har ratifisert sosialpakta, rapportperioden for 2000 og 2001. Den europeiske komiteen for sosiale rettar (den uavhengige ekspertkomiteen) kritiserte i sine konklusjonar Noreg for blant anna bruken av overtid, som komiteen i nokre tilfelle fann å vere nytta i for lang tid (artikkel 2 § 1). Noreg påpeika at vårt regelverk var i samsvar med EU-direktiv 94/104. Noreg blei vidare kritisert for å ha for strenge reglar for trekk i lønn. Det blei påpeika at trekk i lønn berre blei nytta når det var avtala på førehand. Noreg blei vidare, saman med ei rekke andre land, kritisert for å gje studentar frå EØS-land betre vilkår enn studentar frå land som ikkje er EØS-medlemmer når det gjeld lån og stipend frå Statens Lånekassee (artikkel 10 § 4). Noreg krev lengre butid for studentar frå land utanfor EØS. Alle dei kritiserte landa merkte seg kritikken.

I 2004 behandla regjeringskomiteen rapportperioden for 2002 og 2003. Den europeiske komiteen for sosiale rettar kritiserte i sine konklusjonar Noreg for ikkje å ha gjeve opplysningar om minimumslønningar for ungdom (art. 7 § 3). Noreg kunne som tidlegare opplyse at det ikkje finst reglar om minimumslønningar i Noreg, men at ny statistikk viste at lønnsnivået for ungdom ikkje er mykje lågare enn lønnsnivået elles. Denne statistikken var ikkje tilgjengeleg på rapporttidspunktet, og vil bli sendt til komiteen i samband med den neste rapporten.

Noreg blei vidare, saman med mellom andre Sverige, kritisert fordi den lovfesta ferien for ungdom i skulepliktig alder berre er to veker, og ikkje utgjer meir enn halvparten av sommarferien, slik art. 7 § 3 etter ekspertkomiteen si oppfatning krev. Noreg viste til at barnarbeid ikkje er eit samfunnsproblem i vårt land, og vil dokumentere dette i neste rapport.

Noreg blei saman med mange av dei andre medlemslanda også kritisert fordi borgarar i medlemsland utanfor EØS ikkje er sikra rett til familieytingar utan opphald i landet, eller rett til samanking av trygdeperiodar (art. 12 § 4). Ingen av medlemslanda som blei kritiserte på dette grunnlaget, er samde i at art. 12 § 4 kan seiast å gje grunnlag for slike rettar. Sidan regjeringskomiteen ikkje kan overprøve den juridiske tolkinga, er det svært vanskeleg å ta stilling til desse konklusjonane. Kritikken som gjaldt denne artikkelen blei difor behandla felles for alle landa som blei kritiserte,

utan at regjeringskomiteen slutta seg til kritikken frå ekspertkomiteen.

4.4 Europarådets menneskerettskommissær

Sidan oktober 1999 har Europarådet hatt ein eigen kommissær for menneskerettar. Alvaro Gil-Robles frå Spania sit i stillinga. Menneskerettskommissæren skal medverke til å fremje kunnskap om og respekt for menneskerettane i medlemslanda. Arbeidet til kommissæren inneber besøk i medlemslanda, og rapportane gjev verdifulle innspel for å identifisere kvar problema ligg og kva tiltak som kan vere tenlege for å betre menneskeretts-situasjonen. Menneskerettskommissæren har gjesta Noreg éin gong, i 2001. Han var også i Noreg i november 2003 i samband med eit rundebord for europeiske ombodsmenn som sivilombodsmannen var vert for.

I 2003 vitja menneskerettskommissæren Russland, Tsjekkia, Slovenia, Portugal, Tyrkia, Kypros, Malta og dei tre baltiske landa. I 2004 vitja kommissæren Luxembourg, Danmark, Sverige, Kroatia, Russland, Sveits og Liechtenstein. Kommissæren arbeider med dei overordna problemstillingane i landa og ser ikkje på enkeltsaker. Slik regjeringa ser det, utgjer rapportane positive innspel, og stillinga representerer ein god tilvekst til Europarådet. Gil-Robles har lukkast godt med å byggje opp ein institusjon som har høgt truverde og som blir lytta til. Dette gjev kommissæren ei uavhengig stilling som gjer det mogeleg å halde dialog med både styresmaktene og sivilsamfunnet i landa.

4.5 Vern av nasjonale minoritetar

Europarådet gjennomfører eit omfattande arbeid for å verne nasjonale minoritetar. Sentralt i dette arbeidet står rammekonvensjonen om vern av nasjonale minoritetar, som tok til å gjelde for Noreg i juli 1999. Hovudformålet med konvensjonen er å hindre diskriminering av nasjonale minoritetar, syte for at dei oppnår reell likestilling, garantere at dei har full organisasjons- og ytringsfridom og å fremje minoritetskulturar. Rammekonvensjonen pålegg statane å sende generalsekretæren i Europarådet fullstendig informasjon om lovgeving og andre tiltak som er gjennomførte for å setje prinsippa i rammekonvensjonen ut i livet. Noreg leverte sin første rapport til Europarådet om gjennomføringa av konvensjonen i mars 2001. Rapporten vart behandla i den rådgjevande komiteen

for rammekonvensjonen. Tilrådingane frå denne komiteen og merknader frå norske styresmakter danna så grunnlaget for resolusjonen om Noreg som vart vedteken av ministerkomiteen i april 2003¹. Som vanleg er i overvakinga av rammekonvensjonen, spegla resolusjonen i kor stor mon Noreg har følgd tilrådingane frå den rådgjevande komiteen. I resolusjonen vart det peika på at viktige framsteg er gjorde for å verne om minoritetane i Noreg, medan einskilde problemstillingar vert nemnde som døme på kvar det kan gjerast meir. I samsvar med ei generell tilråding frå den rådgjevande komiteen har Noreg bede om at både tilrådingane og merknadene vert offentleggjorde. Noreg organiserte også eit eige seminar for å følge opp resolusjonen i mai 2004. No er den andre overvakeringsrunda i gang. Noreg skal rapportere for andre gong innan juli i år.

Professor Asbjørn Eide har vore medlem av den rådgjevande komiteen sidan 2002. I september 2004 vart han vald til leiar av komiteen.

Europarådet er også engasjert i arbeidet med minoritetsspråk. Charteret for minoritets- eller regionalspråk har til hovudformål å fremje bruken av minoritetsspråk eller språk som vert nytta i delar av eit land. Denne avtalen vert følgd opp ved at landa jamleg rapporterer om utviklinga og ved at ei ekspertgruppe kjem på besøk og utarbeider rapportar.

Også Europarådets menneskerettskommisær er oppteken av å verne om minoritetane sine rettar, og fokuserer mykje på dette i sitt arbeid.

Initiativet som Finland tok om å opprette eit europeisk forum for romafolket, har det vore arbeidd med i heile 2003 og det meste av 2004. I oktober 2004 vedtok ministerkomiteen å opprette forumet. Forumet vil verte organisert som ein frivillig organisasjon som skal representere roma og reisande frå alle medlemsland i Europarådet. Frå norsk side har ein støtta initiativet. Ein trur forumet vil spele ei viktig rolle i å få romafolket til å ta del i diskusjon om saker som gjeld deira eiga framtid.

I samband med den norske formannskapen i Europarådet arrangerte Noreg hausten 2004 eit seminar for og med romungdom. Med dette tiltaket ønskte Noreg å gje ei stemme til romungdom. Seminaret blei difor arrangert av Det europeiske forumet for romungdom, og deltakarane representerte romungdom frå heile Europa. Frå Noreg deltok ein representant for norsk romungdom og ein representant frå Landsforeininga for norske ungdomsorganisasjonar, LNU. Noreg fekk ros for å la

romungdom komme fram med eigne meiningar om eit vanskelig tema. Rapporten frå seminaret viser at migrasjon framleis er ei utfordring for rom. Rapporten blei lagd fram på haustmøtet i Europarådet si ekspertgruppe for romspørsmål. Ekspertgruppa konkluderte med at temaet rom og migrasjon måtte takast opp att.

4.6 Veneziakommisjonen

Den europeiske kommisjonen for demokrati gjennom lovgjeving hadde pr. 1. januar 2005 47 medlemsstatar, eitt land var assosiert medlem, ni hadde status som observatørstatar og to hadde ein spesiell statusavtale: EU og Sør-Afrika. Noreg har vore aktivt med frå starten. Norsk medlem er professor Jan E. Helgesen.

Kommisjonen vart oppretta for å støtte demokratiseringsprosessen i dei sentral- og austeuropeiske landa ved å gje juridisk assistanse ved utforminga av grunnlover og andre sentrale lover. Etter kvart er arbeidsområdet blitt utvida til å omfatte land utanfor Europa. Noreg har tidlegare medverka til finansieringa av samarbeidet med Sør-Afrika.

I 2004 gav Veneziakommisjonen assistanse i lovgjevingsprosessar i mellom anna følgjande statar: Albania, Armenia, Bosnia-Hercegovina, Bulgaria, Georgia, Italia, Romania, Russland, Serbia og Montenegro, Tyrkia og Ukraina.

Kommisjonen arbeider dessutan med utgreiingar og generelle juridiske spørsmål som er viktige for utviklinga av demokratiet og rettsstaten. Eit viktig prosjekt er å organisere det praktiske samarbeidet mellom forfatningsdomstolane eller øvste instans i det vanlege domstolsapparatet hos medlemsstatane. Kommisjonen held òg fleire seminar kvart år.

4.7 Den europeiske torturkomiteen (CPT)

Den europeiske torturkonvensjonen etablerer eit kontrollsystem der ein undersøkingskomité, den europeiske torturkomiteen (CPT), kan gjeste medlemslanda for å undersøkje korleis dei behandlar personar som er fråtekne fridommen. Siktemålet er å betre gjennomføringa av forbodet mot tortur og umenneskeleg og nedverdiggande behandling eller straff ved å styrkje overvakinga av medlemslanda.

¹ Resolusjon ResCMN(2003)6 av 8. april 2003.

Komiteen gjestar mellom anna fengsel, politiarrestar og psykiatriske institusjonar. Komiteen skal ha fritt tilgjenge til dei aktuelle stadene, og kan ha fortrulege samtalar med dei innesperra utan vitne til stades. Komiteen er også i regelmessig dialog med styresmaktene i dei einskilde medlemsstatane.

I 2003 og 2004 har komiteen gjesta ei rekkje land i både Vest- og Sentral-Europa, mellom anna Frankrike, Russland, Georgia, Tyrkia, Armenia, Finland, Sverige og Storbritannia. Komiteen vil gjeste Noreg i 2005. Det vert valt ein medlem for kvart medlemsland. Norsk medlem er psykiater Ingrid Lycke Ellingsen.

4.8 Nord/sør-senteret

Nord/sør-senteret vart oppretta i 1989, dels for å spreie kunnskap om nord/sør-spørsmål i Europa og dels for leggje til rette for ein dialog mellom nord og sør om menneskerettar og demokrati. Senteret, som ligg i Lisboa, har fokusert på aktivitetar i Middelhavs-regionen, demokrati og menneskerettar i Afrika og utdanning. Mellom utdanningstiltaka er opplæringsprogram for ungdommar i nord og sør innan interkulturell dialog.

Utanriksdepartementet

tilrår:

Tilråding frå Utanriksdepartementet av 3. juni 2005 om Noregs deltaking i Europarådet i 2003 og 2004 blir send Stortinget.

Vedlegg 1**Det mellomstatlege arbeidet****1 Menneskerettar og likestilling****1.1 Menneskerettar**

Det mellomstatlege samarbeidet om menneskerettar skjer i hovudsak i styringskomiteen for menneskerettar med underkomitear. Styringskomiteen har normalt to møte i året, men møttest tre gonger i 2004.

I 2003 og 2004 brukte styringskomiteen og ei redaksjonsgruppe under komiteen som Noreg tok del i, det meste av si tid på å utarbeide ein protokoll til den europeiske menneskerettskonvensjon om endring av kontrollsystemet for konvensjonen (protokoll 14). Styringskomiteen hadde fleire møte med representantar for det sivile samfunnet, og innhenta synspunkt undervegs frå domstolen og parlamentarikarforsamlinga i Europarådet. Det vanskelegaste punktet i forhandlingane var spørsmålet om domstolen skulle få utvida høve til å avvise saker utan nærare prøving. Noreg støtta ei slik utviding (sjå nærare omtale i St.prp.nr. 4 (2004-2005)).

Styringskomiteen og ekspertkomiteen for prosedyrespørsmål har også brukt mykje tid på å utarbeide tre tilrådingar til medlemsstatane om tiltak for å redusere mengda av klager til Den europeiske menneskerettsdomstolen. Ministerkomiteen vedtok protokollen og tilrådingane 13. mai 2004. Styringskomiteen skal no overvake at statane gjennomfører tilrådingane. Ekspertkomiteen for prosedyrespørsmål (der Noreg er med), tek hand om denne oppgåva på vegner av styringskomiteen. Av andre aktivitetar som blei avslutta i 2003–2004 kan nemnast utarbeiding av:

- retningslinjer for vern av offer for terrorhandlingar
- ei handbok om rett til innsyn i offentlege dokument
- ei erklæring og ein aktivitetsrapport om vern av menneskerettane under væpna konflikter og indre uro.

Av pågåande aktivitetar kan nemnast arbeid med:

- ei handbok eller eit sett retningslinjer for menneskerettar og vern av miljøet basert på praksis frå domstolen
- å identifisere sosiale rettgar som domstolen kan vere eigna til å handheve.

1.2 Likestilling

Styringskomiteen for likestilling har ei sentral oppgåve i å integrere likestilling i resten av verksemda til Europarådet. Europarådet har lege i framkant internasjonalt med sitt arbeid for å utvikle metodar for å integrere likestilling på alle fagområde, og har mellom anna utarbeidd sentrale dokument om korleis dette arbeidet best kan utviklast metodisk. Relevante erfaringar og standardar frå arbeidet i EU er trekte inn. Noreg har mellom anna delteke i arbeidsgrupper om integrering og om budsjettarbeid.

Handel med kvinner for seksuell utbytting har vore eit viktig tema i styringskomiteen. Komiteen fekk utarbeidd ein rapport som synte at ein europeisk konvensjon om menneskehandel kunne utfylle FN's tilleggsprotokoll om organisert kriminell verksemd (Palermoprotokollen). Ein ny komité med medlemmer frå alle medlemslanda hadde i desember 2004 utarbeidd eit utkast til konvensjon. Noreg har støtta dette arbeidet.

Makedonia var vertskap for eit ministermøte i januar 2003. Temaet var demokratisering, konfliktførebygging og kvinnene si rolle i dette arbeidet. Ministrane vedtok ein resolusjon om styrking av kvinnene si rolle i fredsbyggjande arbeid. Dei vedtok òg ei erklæring som slo fast at fokus for Europarådet i det vidare arbeidet på likestillingsområdet skal vere:

- å fremje like utsikter og rettgar for kvinner og menn
- å hindre vald og handel med kvinner
- å vidareutvikle det metodiske arbeidet med å integrere likestilling i verksemda til Europarådet og medlemslanda.

Noreg sat i byrået for styringskomiteen frå 2001 til 2004.

2 Juridisk samarbeid

2.1 Sivilrettsleg samarbeid

Styringskomiteen for sivilrettsleg samarbeid dekkjer eit variert spekter av arbeidsområde, og har no faste underkomitear på områda forvaltningsrett, statsborgarskap og familierett. Noreg har i 2003 og 2004 hatt leiinga av styringskomiteen og byrået for denne.

Arbeidet i styringskomiteen for sivilrettsleg samarbeid har i 2003 og 2004 halde fram med eitt møte i året. Arbeidsordninga stiller krav til delegasjonane om å gje til kjenne sine synspunkt på og innvendingar mot framlagde forslag før dei blir tekne opp til handsaming i styringsgruppa. Aktiviteten har dei siste åra vore lågare enn før. Det skuldast i hovudsak budsjettmessige omsyn saman med ei anna prioritering av saker i Europarådet etter terroriståtaka i USA 11. september 2001.

På sitt årlege møte for 2003 vedtok styringskomiteen mellom anna å tilrå at ministerkomiteen vedtek fem tilrådingar om:

- informasjonssystem i justissektoren
- arkivering av elektroniske dokument i justissektoren
- gjennomføring av administrative og rettslege avgjerder på det forvaltningsrettslege området
- tvangsfullbyrding
- bruk av oversendingsskjema for søknader om rettshjelp i utlandet etter den europeiske konvensjon om overføring av søknader om retts hjelp (ETS nr. 92) med tilleggsprotokoll.

Ein særskild spesialistkomité for identitet og terrorisme under styringskomiteen for sivilrettsleg samarbeid la fram ein rapport om tiltak for identifisering av reisande ved hjelp av dokument og vitenskaplege metodar, med oppmoding til medlemsstatane om å støtte opp om arbeidet i EUROPOL og å gjere bruk av standardane som dei internasjonale transportorganisasjonane har utarbeidd. Tilhøvet til reglane i den europeiske menneskerettskonvensjonen om vern av personopplysningar vart drøfta særskilt i rapporten.

Det årlege møtet i styringskomiteen i 2004 vedtok å tilrå for ministerkomiteen ei tilråding om domstolsprøving av forvaltningsvedtak. Styringskomiteen vedtok retningslinjer for vern av personopplysningar ved bruk av smartkort. Det vart sett ned ein ekspertkomité til å leggje fram ei oversikt over dei tiltaka medlemsstatane gjer bruk av når det gjeld den frie retten til å krysse landegrensene. Underkomiteen for familierett fekk i oppgåve å leggje fram forslag til ein ny konvensjon om adopsjon

til avløyning av gjeldande europarådskonvensjon om adopsjon frå 1967, som er forelda på fleire vis. Arbeidet er planlagt avslutta i 2006 så sant naudsynte løyvingar til arbeidet vert gjevne over budsjettet for Europarådet. Underkomiteen vil også føre vidare arbeidet om formuestilhøvet mellom ektefolk og tilhøvet til den attlevande ektemaken.

Styringskomiteen tok på generelt grunnlag opp det vidare arbeidet i komiteen sett i høve til den vanskelege budsjettsituasjonen i Europarådet og til EU-utvidinga. Oppgåvene til styringskomiteen for sivilrettsleg samarbeid er grunnleggjande for målsetjingane til Europarådet, ikkje minst med tanke på å fremje ei effektiv og trygg rettspleie i dei sentral- og austeuropeiske landa. Det vil framleis høyre inn under komiteen sitt arbeid å førebu nye europarådsinstrument om rettspleie.

Samarbeidet om utvikling av rettspleia i medlemsstatane går no i hovudsak føre seg i Den europeiske kommisjonen for effektiv rettspleie, som vart sett ned i 2002 som eit særskilt organ under ministerkomiteen. Formålet til kommisjonen er å betre effektiviteten og funksjonen til domstolssystema i medlemsstatane, slik at innbyggjarane får styrkt tilliten til domstolane, og å leggje til rette for god gjennomføring av europarådsinstrument om effektivitet og rettferd i rettssystemet. Etter vedtektene arbeider kommisjonen særleg med å få fram data som syner kor effektivt og godt rettspleia fungerer i dei ulike medlemsstatane og med det gje eit grunnlag for å drøfte tiltak som kan fremje høg kvalitet. Kommisjonen gjev også rettleiing og støtte til medlemsstatar som ønskjer det i sitt arbeid med å få i stand ei god rettspleie. Kommisjonen har ikkje overvåkings- eller kontrolloppgåver. Dersom kommisjonen finn at ein ville vere tent med nye europarådsinstrument eller endringar i dei som alt er vedtekne, skal han ta det opp med styringskomiteen for sivilrettsleg samarbeid.

Kommisjonen for effektiv rettspleie har arbeidd aktivt sidan han vart sett ned, med to plenumsmøte kvart år. Kommisjonen har sett ned to ekspertgrupper av særleg sakkunnige som arbeider med kriterium for evaluering av rettspleia og med tidsfristar i rettspleia. Noreg deltek i kommisjonsarbeidet.

Europarådet har også etablert ein møteplass for representantar for europeiske dommarar, det konsultative rådet for europeiske dommarar. Her møter éin framstående dommar frå kvar medlemsstat. Rådet gjev fråsegner til ministerkomiteen om prinsipielle spørsmål i rettspleia sett i lys av røynslene frå domstolane i medlemsstatane, og uttalar seg om åtgjerder som kan vere naudsynte eller til-

rådelege. Til dømes har rådet gjeve fråsegn om saksmengd og saksavvikling i domstolane sett i lys av alternative tvisteløysingsformer.

Det 25. europeiske justisministermøtet vart halde 7.–8. oktober 2003 i Sofia, Bulgaria, med to hovudtema: det internasjonale samarbeidet mot internasjonal terrorisme og rettssystemet sitt svar på terrorisme.

2.2 Strafferettsleg samarbeid

Styringskomiteen for strafferettslege spørsmål, kriminologi og fengselsaker heldt sitt årlege møte for 2003 i perioden 16.–20. juni. På møtet vedtok komiteen mellom anna å tilrå at ministerkomiteen vedtok følgjande fire tilrådingar om:

- nye måtar å handtere ungdomskriminalitet på og rolla til ungdomsdomstolar
- partnerskap i kriminalitetsførebygging
- handsaminga i fengselsadministrasjonar av livstidsdømde og andre langtidsfangar
- lauslating på prøve.

Noreg har ein medlem i eit nyoppretta permanent råd for politisaker, som ligg under styringskomiteen for strafferettslege spørsmål, kriminologi og fengselsaker. Styringskomiteen heldt sitt årlege møte for 2004 i perioden 16.–19. mars. Komiteen tok opp att diskusjonen om arbeidsmetodar, og tek sikte på å vedta retningslinjer på møtet i 2005. Styringskomiteen drøfta om konferansen om påtalemakta si rolle burde institusjonaliserast innfor Europarådet på lik linje med rådet for dommarar.

Twin Prison Project

Avdelinga for førebygging av kriminalitet tok i 1998 initiativ til å etablere eit samarbeidsprosjekt mellom russisk fengselsvesen og partnerar i ein del vesteuropeiske land. Noreg har frå starten spela ei sentral rolle i dette samarbeidsprosjektet. Frå å vere eit reint bistandsprosjekt har det gradvis utvikla seg til eit meir likeverdig fagleg samarbeid, mellom anna om personalopplæring. I 2003 og 2004 har ein særleg fokusert på å betre forholda for varetaktsinnsette. Arbeidet med å redusere tuberkulosesmitta i fengsla har vore ei prioritert oppgåve.

Nor-Balt Prison Project

Avdelinga for førebygging av kriminalitet tok i 1996 initiativ til å etablere eit samarbeidsprosjekt mellom dei nordiske landa og Estland, Latvia og Litauen. Dei seinare åra har det vore ein sterk auke

i talet på HIV-smitta i latviske fengsel. Noreg har støtta ei rekkje prosjekt som har som siktemål å demme opp for HIV-smitte i fengsla. Det har også vore samarbeidd om personalopplæring og undervisningstilbod for innsette i latviske fengsel. Nor-Balt Prison Project blei formelt avslutta ved utløpet av 2003.

2.3 Folkerett

Europarådet har ein eigen adhokkomité for rådgjevarar i folkerett, som er eit forum for meiningsutveksling om aktuelle folkerettslege emne og møtest to gonger i året. Komiteen uttalar seg også om spørsmål som ministerkomiteen har fremja for han. Komiteen utarbeider ikkje utkast til konvensjonar, men har dei siste åra utvida arbeidsfeltet sitt ved å leggje fram visse skriftlege arbeid. I tillegg evaluerer komiteen konvensjonar innanfor sitt ansvarsområde.

Krigsforbrytardomstolane for Rwanda og det tidlegare Jugoslavia og opprettinga av Den internasjonale straffedomstolen har vore gjennomgangstema. Det same gjeld diskusjonane om pågåande prosessar innanfor internasjonal humanitærrett.

Komiteen arbeider med emne som vert behandla av folkerettskommisjonen i FN, og fortsette i 2003 og 2004 dialogen med representantar for folkerettskommisjonen om desse emna.

Komiteen tok i 1998 på seg ei observatørrolle for reservasjonar til multilaterale konvensjonar, også terrorisme-konvensjonar. Dette emnet er blitt eit fast dagsordenpunkt. Komiteen tek vidare føre seg Europarådets arbeid i kampen mot terrorisme. I 2004 starta komiteen eit arbeid der statane skal rapportere om korleis dei gjennomfører FN-sanksjonar i nasjonal lov.

Noreg legg stor vekt på arbeidet i komiteen. Utviklinga i retning av å utvide verkeområdet til komiteen, mellom anna med omsyn til meir substansielle drøftingar, har vår fulle støtte. Den aukande dialogen med FNs folkerettskommisjon er positiv.

3 Sosiale spørsmål

3.1 Sosialt samhøyr og sosialpolitikk

Den europeiske komiteen for sosialt samhøyr er ein styringskomité for forskjellige aktivitetar på det sosialpolitiske området. Komiteen har i 2004 arbeidd med å revidere ein strategi for sosialt samhøyr. Hovudmålet for strategien er å byggje stabile samfunn som sikrar velferd for borgarane ved å:

- leggje vekt på menneskerettar i velferdspolitikken
- medverke best mogeleg til å fremje effektiv tilgang til sosialt vern, sosiale tenester, bustad og arbeid
- finne fram til gode metodar for å få til ein god praksis for dei sosiale rettane og sosialpolitiske tiltak for utsette grupper. Det er laga rapportar om tema som tilgjenge til sosiale rettar i Europa og tilgjenge til sosiale rettar for funksjonshemma.

På bakgrunn av eigen praksis og aktivitet dei siste fem åra har komiteen laga sin eigen definisjon: Sosialt samhøyr er den evna eit samfunn har til å sikre velferd for alle, minske forskjellar og unngå polarisering. Eit samfunn prega av slikt samhøyr består av individ som støttar kvarandre, og det følgjer måla i strategien for sosialt samhøyr på demokratisk vis. Denne definisjonen strekar under at både staten, den økonomiske sektoren og det sivile samfunnet deler ansvaret for å sikre trivselen i samfunnet.

Noreg har i komiteen arbeidd for å styrkje kjerneaktivitetane til Europarådet når det gjeld menneskerettar, demokratibyging og styrking av dei sosiale og politiske rettane.

Noreg ønskjer å styrkje menneskerettane for personar med funksjonshemmingar gjennom si deltaking i Europarådet. Noreg har arbeidd for at politikken for funksjonshemma skal ha brei deltaking frå alle 49 landa i Europarådet i ein mellomstatleg komité, og ikkje avgrensast til ein delavtale. Arbeidet er knytt til komiteen for rehabilitering og integrering av funksjonshemma. Dei nordiske landa har samarbeidd om å omforme komiteen til ein mellomstatleg komité for funksjonshemma med deltaking frå alle medlemslanda.

Under den norske formannskapet blei det i eit samarbeid mellom norske styresmakter og Europarådet halde ein konferanse om menneskerettar og funksjonshemma born og deira foreldre. Konferansen hadde stor deltaking, og Noreg samarbeider no med Europarådet om å følgje opp konklusjonane og forslaga som vart drøfta. Eitt av tiltaka er å setje ned ei tverrfagleg ekspertgruppe som inkluderer fleire styringskomitear. Arbeidsgruppa skal mellom anna greie ut retningslinjer som kan gje funksjonshemma born betre rettar og livsvilkår. Noreg ser klart behovet for å setje fokus på livssituasjonen til denne gruppa, og vi vil trekkje inn ulike sektorar i dette arbeidet.

3.2 Helsekomiteen

Helsekomiteen har fokus på menneskerettar og etiske spørsmål i helsetenesta. Arbeidet i helsekomiteen har dei to siste åra vore prega av integreringa av delavtalen for helse- og sosialområdet. Europarådet har teke initiativ til ein prosess med sikte på å integrere aktivitetane i delavtalen i det ordinære arbeidet i organisasjonen. Delavtalen går inn på ei rekkje sentrale helsespørsmål, samstundes som fleire av medlemslanda ikkje deltek i desse aktivitetane. Drøftingane har til no vore av prinsipiell karakter og arbeidet er ikkje avslutta.

Noreg er aktivt med i ekspertkomiteen for organtransplantasjonsspørsmål. Komiteen har som si viktigaste oppgåve å ta opp spørsmål om organdonasjon og korleis tilgangen på organ kan aukast. Han har arbeidd med å etablere samhandlingsreglar for utveksling av organ mellom medlemslanda, tryggleiks- og kvalitetskrav til celler og vev som skal brukast ved transplantasjon, handel ("trafficking") med organ, oppretting av eventuelle organregister og korleis medlemslanda bør stille seg til nedfrysing av navleveneblod. Komiteen har arbeidd med eit dokument som handlar om transplantasjon av nyre frå levande gjevar som ikkje er genetisk i slekt. Noreg leier dette arbeidet.

Komiteen sender kvart år ut eit nyheitsbrev som er den einaste komplette oversikta over organtransplantasjonsaktivitetane i Europa. Kvart år arrangerer komiteen saman med eitt av medlemslanda ein europeisk dag om organdonasjon og organtransplantasjonar. Arrangementet har til formål å auke kunnskapen om kor viktig det er å stille seg positivt til organdonasjon.

Noreg deltek også aktivt i ekspertkomiteen for kvalitetssikring i blodtransfusjonstenesta. Komiteen arbeider med retningslinjer for kvalitetssikring i blodtransfusjonstenesta. Ekspertkomiteen gjev kvart år ut ei revidert utgåve av desse retningslinjene. Handboka er omsett til ei rekkje språk, mellom anna medverka Noreg til at ho vart omsett til azéri (aserbajdsjansk) i 2004.

Ekspertkomiteen for spørsmål om helsepersonell som kryssar landegrensene og om konsekvensane dette får for helsetenesta, blei oppretta i 2003. Komiteen avslutta arbeidet sitt ved utgangen av 2004. Med aukande migrasjon og utvidinga av EU meinte helsekomiteen at det var nødvendig å gå gjennom utfordringane ved migrasjon av helsepersonell og konsekvensane for helsetenestene i medlemslanda. Rapporten skal behandlast i helsekomiteen i løpet av våren 2005. Noreg er representert i ekspertkomiteen for kosmetiske produkt. Noreg initierte i 2003 eit arbeid som førte fram til ein reso-

lusjon med tilråding om å regulere tatoveringsprodukt. Slike produkt har vakse i popularitet, men er samstundes eit helseproblem som ein no er blitt meir merksam på. EU har framleis ikkje rettsreglar for desse produkta. Tilrådingane frå resolusjonen blir følgde opp i ei ny lov om kosmetiske produkt.

Helsekomiteen markerte sitt 50-årsjubileum i 2004. I samband med markeringa blei ei bok om helse, etikk og menneskerettar og om Europarådet si rolle utgjeven av den nederlandske formannskapet. Boka gjev eit bilete av dei viktigaste oppgåvene som helsekomiteen arbeider med.

Nederland hadde formannskapet i Europarådet i perioden før Noreg. Helse var ei av dei prioriterte oppgåvene for den nederlandske formannskapet. Nederland utarbeidde ein strategi for å styrkje helsesamarbeidet i Europarådet. Dei peika særleg på behovet for å fokusere på Europarådet sine kjerneverdier i forhold til EU og WHO. Det blei bestemt at strategien skal vere eit utgangspunkt for det vidare arbeidet i helsekomiteen.

I juni 2003 var Noreg vertsland for den sjuande helseministerkonferansen i Europarådet. Hovudtema var "Health, dignity and human rights", og konferansen blei halden i Oslo. Erklæringa frå konferansen set særleg fokus på arbeidet med å redusere forskjellane i tilgangen til helsetenester, både landa imellom og innanfor kvart enkelt land. Viktige prinsipp som menneskeverd og verdigheit i møte med helsetenesta blei også omtala.

3.3 Kampen mot narkotikamisbruk

Pompidougruppa er Europarådet si samarbeidsgruppe for narkotikasørsmål på ministernivå. Gruppa har til formål å medverke til kampen mot narkotikaproblema med vekt på å redusere både tilbod og etterspørsel i narkotikamarknaden. Det vert samarbeidd nært med andre regionale og internasjonale organisasjonar på narkotikaområdet.

Ministermøtet fann stad i Dublin 16.–17. oktober 2003. Ministrane vedtok nytt arbeidsprogram for perioden 2004–2006. Nederland har formannskapet i gruppa i denne perioden. Det er sett ned seks ekspertgrupper som skal sjå nærare på områda behandling, førebygging, etikk, rettshandheving, flyplassproblematikk og forskning.

Det føregår ei evaluering av Pompidougruppa. Resultata frå evalueringa vil danne grunnlag for avgjerder om framtidig arbeid som vil bli fatta på det kommande ministermøtet i Nederland i 2006. Regjeringa ser på Pompidougruppa som eit viktig forum for informasjonsutveksling og tiltaksutvikling.

3.4 Bioetikk-komiteen

Dei grunnleggjande bioetiske spørsmåla blir i hovudsak behandla i styringskomiteen for bioetikk. Komiteen behandlar særleg ulike emne knytte til konvensjonen om menneskerettar og biomedisin og protokollar og tilrådingar til denne. Konvensjonen vart opna for underteikning i 1997 og er underteikna av 31 land, deriblant Noreg.

Komiteen vedtok i 2003 eit framlegg til ny protokoll om biomedisinsk forskning. Protokollen vart vedteken av ministerkomiteen den 30. juni 2004, og vart lagd fram til underteikning i Strasbourg 25. januar 2005. Noreg underteikna protokollen same dagen i lag med ni andre land. Protokollen inneheld reglar om at forskning skal byggje på samtykke frå dei som deltek i forskingsprosjekta, og at omsynet til enkeltmennesket skal telje meir enn omsynet til samfunnet og forskninga. Protokollen inneheld også overordna prinsipp om konfidensialitet og artikkelar om etikkkomiteane si rolle.

Komiteen behandla i 2003 og 2004 eit framlegg til tilråding om vern av menneskerettane og verdigheita til personar med alvorlege psykiske lidingar. Med tanke på å auke rettstryggleiken inneheld tilrådinga mellom anna dei kriteria som vert tilrådd nytta ved tvangsinnlegging og tvangsbehandling. Tilrådinga inneheld vidare viktige prinsipp om at det i behandlinga av menneske med alvorlege psykiske lidingar skal nyttast minst mogeleg tvang, at pasientane skal ha nok informasjon og at dei skal ha høve til å klage på tiltak av inngripande karakter. Tilrådinga har vore drøfta i Europarådet i fleire år, og har også vore drøfta i helsekomiteen. Ministerkomiteen vedtok tilrådinga 22. september 2004.

Komiteen har i perioden byrja drøftingar om utforminga av framlegg til nye instrument. Det eine framlegget er meint å ta opp problem knytte til bruk av human genetik, blant anna genetisk testing. Her vil komiteen prøve å samle seg om eit framlegg til protokoll. Han har også byrja å drøfte eit framlegg til instrument om forskning på menneskeleg biologisk materiale.

4 Innvandringsspørsmål

Noreg er representert i ekspertkomiteen for statsborgarskap. Komiteen har utarbeidd den europeiske konvensjonen om statsborgarskap, som vart ferdigstilt i 1997. Det vert arbeidd med statsborgarspørsmål som ikkje er regulerte i konvensjonen.

I 2003 blei det starta arbeid med eit tilleggsinstrument om statsløyse i samband med statssuksessjon. Komiteen slutførte ein protokoll om dette i 2004. Denne vil bli lagd fram for styringskomiteen, og er planlagt vedteken av ministerkomiteen våren 2005.

I 2004 arrangerte komiteen ein tredje europeisk konferanse om statsborgarskap, denne gongen om born og statsborgarskap. I samband med den norske formannskapet i Europarådet hausten 2004 blei avslutningsinnlegget i konferansen halde av statssekretæren i Barne- og familiedepartementet.

Noreg er representert i Europarådets ad hoc-komité for asyl og flyktningsspørsmål. Denne vedtok i 2004 eit utkast til retningslinjer for tvungen retur av personar utan lovleg opphald.

Komiteen utarbeidde ei tilråding om minstepandardar for forvaring av asylsøkjjarar som ministerkomiteen vedtok i 2003. I 2004 vedtok dei likeins ei tilråding om ein felles definisjon av omgrepet "medlemskap i ei spesiell sosial gruppe" etter føresegnene i flyktningkonvensjonen.

I 2004 vedtok komiteen ei tilråding om tolking av vilkåra for eksklusjon frå flyktningstatus i samsvar med føresegnene i flyktningkonvensjonen. Tilrådinga blei oversend ministerkomiteen i 2004.

Ekspertkomiteen slutførte og vedtok ei oppfatning av tilrådinga frå parlamentarikarforsamlinga om tilgang til hjelp og vern for asylsøkjjarar ved europeiske sjøgrenser, og ei tilråding om utdanning for flyktningar og internt fordrivne personar.

I 2003 oppretta ministerkomiteen ei arbeidsgruppe under ekspertkomiteen for statsborgarskap som skulle lage retningslinjer for tvungen retur av personar utan lovleg opphald i eit medlemsland. Arbeidsgruppa var sett saman av medlemmer frå ekspertkomiteen for statsborgarskap, styringskomiteen for migrasjon og styringskomiteen for menneskerettar. Utkast til retningslinjer for tvungen retur blei vedteke av arbeidsgruppa i 2004, og er oversendt ministerkomiteen for vedtak.

Arbeidet med migrasjons- og integrerings-spørsmål blir leidd av styringskomiteen for migrasjon. Komiteen har som ei oppfølging av ministerkonferansen i Helsingfors i 2002 mellom anna arrangert tre sesjonar der land utanfor Europarådet er blitt inviterte til å drøfte migrasjonsspørsmål med medlemslanda i Europarådet. Vidare har dei arbeidd med indikatorar for integrering. Dette gjeld mellom anna born og unge med innvandrarbakgrunn, tilgang for innvandrarane til arbeidsmarknaden og studentmigrasjon.

Noreg har ein medlem i den europeiske kommisjonen mot rasisme, intoleranse og framand-

frykt (ECRI). Komiteen utarbeider generelle og landspesifikke tilrådingar om rasisme og intoleranse, og publiserer eksempel på god praksis. ECRI la fram sin siste rapport om Noreg i januar 2004. Rapporten understrekar at vernet mot diskriminering er blitt betre på ei rekkje område i Noreg, men ECRI tilrår at Noreg betrar vernet mot rasistiske ytringar og sikrar at ein får eit effektivt handhevingsapparat for diskrimineringslovgjevinga.

Noreg er representert i ei ekspertgruppe for rom/sintispørsmål. Denne er oppretta av styringskomiteen for migrasjon. Gruppa held to møte i året. Dei har mellom anna behandla spørsmålet om skuldingar om tvangssterilisering av romkvinner i Slovakia. Noreg har i denne samanhengen informert om arbeidet med erstatningsordningar for tvangssteriliserte romanikvinner i Noreg. Det har vore stor interesse i ekspertgruppa både for den norske erkjenninga av at tvangssterilisering har gått føre seg og for arbeidet med erstatning.

5 Born og ungdom

5.1 Barnepolitisk samarbeid

Hovudtyngda i det barnepolitiske samarbeidet skjer innanfor ramma av styringskomiteen for sosialt samhoer og sosialpolitikk. Det same gjeld store delar av familiepolitikken.

Det barnepolitiske samarbeidet i 2003 og 2004 har i hovudtrekk vore handtert i eit underliggjande organ under forumet for born og familiar. Forumet blei seinhaustes 2004 erstatta av ein ny ekspertkomité for born og familiar.

Forum for born og familiar

Forumet har vore ein sentral møteplass for representantar frå medlemslanda, dei ulike komiteane i Europarådet og frå frivillige og offentlege organisasjonar med oppgåver på barne- og familieområdet. Forumet har sett fokus på viktige utfordringar for born og familiar i vår tid, fått fram kunnskap, utveksla erfaringar og drøfta retningslinjer og tilrådingar for politikktutforminga i medlemslanda.

Etter godkjenning i styringskomiteen oppretta forumet til dømes to ulike arbeidsgrupper som avslutta sitt arbeid i 2003/2004: ei for born og unge og deira deltaking i samfunnet og ei for born og unge under omsorg (barnevern), med vekt på institusjonar for born og ungdom. Begge arbeidsgruppene blei oppnemnde etter forslag frå Noreg, og Noreg gav mindre tilskott til det omfattande arbeidet som blei gjort. Mellom anna vert det utarbeidd rapportar med døme på gode ordningar for medverknad og deltaking for born og unge og ei

generell rettleiing for korleis ein skal komme i gang i skule og lokalmiljø. Arbeidsgruppa for born under omsorg har mellom anna kartlagt situasjonen for born og unge i institusjon i ei rekkje av medlemslanda. Det er òg skrive ein rapport om førebygging av institusjonsplassering og alternative plasseringsmåtar.

No har styringskomiteen etter forslag frå ekspertkomiteen oversendt eit forslag til tilråding til ministerkomiteen om rettane til born og unge i institusjonar. Gjennom sin representant i styringskomiteen og ekspertkomiteen har Noreg spela ei aktiv rolle mellom anna i utforminga av tilrådinga. Særleg dei landa som har mange born og unge i institusjonar, til dømes i Aust-Europa, kan dra nytte av det materialet som er laga og sjølve tilrådinga i si lov- og politikktutforming.

Spørsmålet om fysisk avstraffing av born har vore eit sentralt tema både i forumet og i andre organ i Europarådet dei to siste åra. Til dømes har parlamentarikarforsamlinga vedteke ei tilråding om forbod mot fysisk avstraffing av born. Både forumet og styringskomiteen har støtta tilrådinga med referanse til den reviderte europeiske sosialpakta og den nye europarådsstrategien for sosialt samhoer og sosialpolitikk. Styringskomiteen har vist til FN-konvensjonen om barnerettar, og oppmoda medlemslanda til å setje i verk nødvendige åtgjerder for å hindre fysisk avstraffing av born. Som eitt av få land i Europa har Noreg lovheimla forbod mot fysisk avstraffing av born. Difor har den norske haldninga til dette spørsmålet vore heilt klar under handsaminga av spørsmålet i forumet og i styringskomiteen. Forumet fekk òg laga ei utgreiing som gjev eit godt bilete av situasjonen i medlemslanda. Til dømes har berre elleve av medlemslanda lovheimla forbod mot fysisk avstraffing av born.

Ny ekspertkomité for born og familiar

Noreg har fast plass i komiteen, som blei oppretta i 2004 og førebels skal halde fram til utgangen av 2006. Komitémandatet tek mellom anna utgangspunkt i FN-konvensjonen om barnerettar og den nye strategien for sosialt samhoer og sosialpolitikk. Mandatet for komiteen femner vidt. Både komiteen og styringskomiteen for sosialt samhoer og sosialpolitikk har difor valt å setje fokus på korleis ein kan skape gode oppvekstvilkår ved å støtte og styrkje foreldrerolla. Førebels skal ei arbeidsgruppe sjå på problem og utfordringar som fattigdom skaper for barnefamiliane. Ei anna gruppe skal sjå på foreldrerolla i lys av vald i heimen og i samfunnet. Dette arbeidet vil inngå i eit større

tverrfagleg prosjekt om born og vald som Europarådet set i gang i 2005.

Dei fleste styringskomiteane i Europarådet arbeider med spørsmål med relevans for barne- og familiepolitikken. Ekspertkomiteen har difor deltarar også frå dei andre komiteane. Ei viktig grunngeving er å syte for betre koordinering av dei barnepolitiske sakene.

Noreg er interessert i av å få til ei god koordinering av dei barnepolitiske sakene og aktivitetane i Europarådet og betre koordinering mellom barne- og ungdomspolitikken. Frå norsk side har det vore særskilt viktig å framheve barneperspektivet i handsaminga av saker i styringskomiteen og i underliggjande organ. Noreg sekonderte difor hausten 2004 ein nasjonal ekspert førebels for to år for å påskunde koordineringsarbeidet på barne- og ungdomsområdet. Eksperten har mellom anna ei sentral rolle i det nemnde nye tverrfaglege prosjektet om born og vald som omfattar fleire styringskomitear og direktorat.

Styringskomiteen for sosialt samhoer og sosialpolitikk og ungdomskomiteen arrangerte ein konferanse hausten 2004 med fokus på relasjonen mellom barne-, ungdoms- og familiepolitikk. Ei vidareføring av initiativet kan vere å etablere eit forum for dialog og samarbeid mellom desse sektorane. Eit slikt tiltak vil bli diskutert vidare i 2005.

5.2 Ungdomspolitisk samarbeid

Arbeidet med ungdomspolitiske saker vert utvikla og gjennomført i nært samarbeid mellom medlemslanda i Europarådet, frivillige internasjonale barne- og ungdomsorganisasjonar, nasjonale ungdomsråd i medlemslanda og andre grupper som arbeider med ungdomsspørsmål internasjonalt. Denne samarbeidsforma set Europarådet i ei særstilling samanlikna med andre mellomstatlege organisasjonar som er engasjerte i ungdomspolitiske saker. Samarbeidet mellom medlemslanda går i første rekkje føre seg i styringskomiteen for ungdomsspørsmål, som omfattar alle dei 48 landa som har slutta seg til kulturkonvensjonen til Europarådet. Dei ikkje-statlege barne- og ungdomsorganisasjonane og andre relevante partnarar har ein eigen rådgjevande komité. Styringskomiteen og den rådgjevande komiteen møtest for å drøfte og gjere vedtak om hovudprioriteringane på ungdomsområdet.

Arbeidet på ungdomsområdet forvaltar store ressursar gjennom drifta av ungdomssentra i Strasbourg og Budapest og Det europeiske ungdomsfondet. Ungdomssentra gjev dei frivillige organisasjonane høve til å gjennomføre kurs og seminar for

dei nasjonale medlemmene. I tillegg har Europarådet eit eige program for opplæring og skoling av ungdomsleiarar og valde representantar frå organisasjonane. Europarådet har ein avtale med Europakommisjonen om denne verksemda. Det europeiske ungdomsfondet gjev økonomisk stønad til ulike aktivitetar og prosjekt på barne- og ungdomsområdet.

I åra 2003 og 2004 har Europarådet særleg engasjert seg i ungdomspolitiske tiltak som:

- samfunnsdeltaking for born og ungdom
- utdanning og opplæring som går føre seg utanfor det organiserte utdanningssystemet
- menneskerettane i høve til arbeidet med born og ungdom
- utvikling og gjennomføring av ungdomspolitiske tiltak på nasjonalt og internasjonalt plan.

Ungdomssektoren i Europarådet gjennomførte sommaren 2004 ein stor internasjonal ungdomskonferanse om ungdom og globalisering.

Europarådet gjennomførte i 2003 og 2004 ei internasjonal vurdering av norsk ungdomspolitikk. Konklusjonane, som i store trekk var svært positive for Noreg, vart drøfta på eit møte i Europarådet i februar 2004, der statsråd Laila Dåvøy la fram den norske rapporten.

6 Kultur, media og idrett

6.1 Kultur

Også i 2003 og 2004 gav styringskomiteen for kultur prioritet til områda kulturell dialog og konfliktforebygging, gjennomgang av kulturpolitikken i medlemslanda og tiltak for å fremje kulturelt mangfald. I oktober 2003 vart det arrangert ein ministerkonferanse i Opatija, Kroatia. Konferansen la vekt på det ansvaret kulturministrane har for å initiere kulturell dialog med sikte på å halde oppe eit kulturelt mangfald. Det vart vedteke ein deklarasjon om dette som vil bli følgd opp gjennom aktivitetar i regi av Europarådet og medlemslanda. Frå norsk side vart det understreka at interreligiøs dialog er ein viktig faktor når det gjeld konfliktforebygging.

50-årsjubileet for det europeiske kultursamarbeidet, medrekna kulturkonvensjonen, vart markert i 2004. Konvensjonen dekkjer områda kultur, utdanning, ungdom og sport. Ein kultur- og utdanningsministerkonferanse i Wroclaw, Polen, i desember 2004 tok opp utfordringane for samarbeidet på desse områda. Erklæringa som vart vedteken, oppsummerer resultatane frå dei 50 åra som har gått, fokuserer på utfordringane og gjev strate-

giske retningslinjer for den framtidige utviklinga. Det er eit norsk synspunkt at ei vidare styrking av dialogen mellom religionar og kulturar er ein føresetnad for å fremje det kulturelle mangfaldet. Det vart frå norsk side understreka at dette arbeidet må halde fram, og at Europarådet også i framtida må sjå på dei frivillige organisasjonane si rolle i dette arbeidet. Det vart også vist til den oppgåva dei uavhengige media har i denne samanhengen.

6.2 Media

Dei mediepolitiske spørsmåla i Europarådet vart i første rekkje handterte av styringskomiteen for massemedia, seks underkomitear og den faste komiteen for fjernsyn over landegrensene. Noreg har delteke i to ekspertgrupper og eit rådgivande panel.

Styringskomiteen har dei siste åra særleg vore oppteken av utviklinga av ein fri og uavhengig mediesektor i Sentral- og Aust-Europa. Dette skjer dels gjennom utvikling av standardar for lovverk om yringsfridom og rammevilkår for media, men også gjennom praktiske tiltak for å sikre utvikling av og opplæring i desse standardane. Desse tiltaka skjer gjennom Europarådet si stabilitetspakt for regionen, og er retta mot dommarar, styresmakter, medieselskap og journalistar.

Ekspertgruppa for yringsfridom og andre grunnleggjande rettar har hatt som mandat å vurdere avveging av yringsfridom (EMK art. 10) mot andre fundamentale rettar, til dømes respekten for privatlivets fred (EMK art. 8) og retten til rettfærdig rettargang (EMK art. 6). Gruppa har også hatt til oppgåve å foreslå mogelege tiltak med omsyn til korleis media kan medverke til auka forståing mellom folkeslag. Gruppa har utarbeidd utkast til ei tilråding og ei erklæring om formidling av informasjon gjennom media i samband med straffesaker. Ministerkomiteen vedtok begge dokumenta 10. juli 2003. Eit utkast til erklæring om fridom for politisk debatt i media vart vedteke av ministerkomiteen 12. februar 2004. Gruppa sitt utkast til ein deklarasjon om yringsfridom og terrorisme vart godkjent av styringskomiteen på møtet i november 2004, men er så langt ikkje vedteke av ministerkomiteen.

Ekspertgruppa for sosiale og demokratiske konsekvensar av digital kringkasting har m.a. drøfta korleis medlemslanda kan fremje spreininga av digitale kringkastingstenester, med hovudvekt på tiltak for å hindre uheldige konsekvensar for publikum av digitalisering av ulike kringkastingstenester. Gruppa har analysert konsekvensane av den fragmenteringa av publikum som kan

verte ei følgje av at kringkastingstenester vert digitaliserte. Oppgåver, organisering og finansiering av allmennkringkastarane i ei digital framtid er også drøfta. Arbeidet har munna ut i ei tilråding som vart vedteken av ministerkomiteen 28. mai 2003.

Ekspertgruppa har også kartlagt den faktiske stoda for digital kringkasting i medlemslanda og planlagde tiltak knytte til innføringa av slike tenester. Dokumentet har vore til stor nytte for medlemslanda.

Frå 2003 fekk ekspertgruppa eit tilleggsmandat til å vurdere tiltak for å sikre publikum tilgang til variert informasjon frå viktige arrangement som er omfatta av eksklusive formidlingsrettar. Gruppa arbeider med eit framlegg til tilråding om dette emnet. Sentralt i arbeidet står vurderinga av korleis ein kan sikre at ulike medium kan nytte korte reportasjar frå slike hendingar, samstundes som ein tek omsyn til dei investeringane rettshavarane har gjort i dei eksklusive formidlingsrettane.

Det rådgjevande panelet for mediemangfald har utarbeidd rapporten "Transnasjonal mediekonsentrasjon i Europa". Rapporten inneheld eit oversyn over mediesituasjonen med vekt på utanlandsk eigarskap på fjernsynsområdet, presentasjon av visse utviklingstrendar og korleis dei kan påverke ytrings- og informasjonsfridommen og mediemangfaldet. Rapporten inneheld også råd om moglege tiltak som kan redusere negative effektar av utviklinga.

Europarådskonvensjonen av 5. mai 1989 om fjernsyn over landegrensene er ratifisert av 30 land, mellom dei Noreg og 15 andre EØS-land. Den faste komiteen for fjernsynssendingar over landegrensene, som er oppretta i medhald av konvensjonen, har m.a. drøfta spørsmål om bruken av konvensjonen i høve til nye informasjonstenester og reklamefenomen (virtuell reklame o.a.), implementeringa av dei nye reglane om sendingar frå viktige arrangement og utfordringar for kringkastingssektoren i WTO/GATS-forhandlingane. Førebuing til revisjon av konvensjonen har vore sentralt i 2004. Denne revisjonen skjer parallelt med revisjonen av TV-direktivet i EØS-avtalen. Komiteen vedtok i oktober 2004 ei tilråding om vern for mindreårige mot pornografiske program som følgje av informasjon frå enkelte austeuropeiske land om aukande innslag av pornografi i fjernsynssendingar.

6.3 Idrett

Idrettssakene i Europarådet høyrer inn under idrettskomiteen. Komiteen behandlar budsjettet

og dei sentrale aktivitetane til Europarådet på idrettsfeltet. Noreg har vore representert på dei årlege møta i komiteen.

13.–14. mai 2004 arrangerte Europarådet ein idrettskonferanse i Strasbourg, med tittelen "Europeiske vegskilje: Sport – Inngangsdørene til utvikling av demokrati". Målet med konferansen var å rette søkjelyset mot idrettspolitikkk overfor ungdom og å sjå nærare på korleis ein kan styrkje deltakinga i idretten. Konferansen var ein del av det europeiske året for utdanning gjennom idrett 2004, som EU stod bak.

I Budapest arrangerte Europarådet 14.–15. oktober 2004 ein stor ministerkonferanse om idrett. Temaet for konferansen var godt styresett i idretten. Noreg var representert på konferansen ved statssekretæren i Kultur- og kyrkjedepartementet. Frå norsk side vart det framheva at idrett er nært knytt til Europarådets kjerneverdier, og at dette bør speglast i prioriteringa av det europeiske idrettssamarbeidet i Europarådet.

7 Utdanning

Samarbeidet på utdanningsområdet går føre seg i regi av to styringskomitear: styringskomiteen for utdanning og styringskomiteen for høgre utdanning og forskning. Noreg er frå 2004 valt inn i byrået for kvar av desse to komiteane, og får gjennom dette serskilt høve til å påverke samarbeidet på utdanningsområdet.

Samarbeidet om utdanning i Europarådet tek utgangspunkt i den europeiske kulturkonvensjonen, som i 2004 kunne feire 50-årsjubileum. Jubileet vart markert med ein konferanse i Polen i 2004, med representantar for i første rekkje kulturdepartementa i medlemslanda. Konferansen munna ut i ei slutterklæring der medlemslanda legg vekt på kva kulturfeltet i vid forstand, medrekna utdanning, har å seie for samarbeidet i Europarådet i tida framover, mellom anna med tanke på det tredje toppmøtet i 2005.

Styringskomiteen for utdanning varetek samarbeidet innanfor skule og opplæring. Kjerneområde for samarbeidet er språkopplæring, historieundervisning, opplæring i demokrati/menneskerettar og i stigande grad interkulturell dialog. Komiteen har i perioden 2003–2004 gjeve høg prioritet til samarbeid om utdanning som middel til å fremje interkulturell dialog og forståing. Gjennom eit eige prosjekt har ein drøfta utfordringane skulen står overfor i møtet med eit samfunn prega av aukande etnisk og religiøst mangfald. Interkulturell undervisning var også hovudtema for den 21. europeiske

utdanningsministerkonferansen i regi av Europarådet som fann stad i Aten 6.–7. november 2003. Noreg var representert av statssekretæren frå Utdannings- og forskingsdepartementet.

Temaet, som har høg politisk prioritet på norsk side, vart følgt opp under den norske formannskapet i 2004 då Utdannings- og forskingsdepartementet tok initiativ til gjennomføring av ein konferanse om den religiøse dimensjonen ved interkulturell undervisning, med deltaking frå omkring 40 av medlemsstatane. Konferansen gav høve til utveksling av røynsler med bruk av religionsundervisning for å fremje toleranse og motverke frykt og hat mellom folkegrupper i medlemslanda.

Europarådet sitt fokus på interkulturell undervisning har interesse også utover medlemslanda, og kan sjåast i samanheng med arbeidet for euroarabisk dialog. Til undervisningsministerkonferansen i Aten i 2003 og til møtet i utdanningskomiteen i 2004 hadde ein difor innbydd representantar for organisasjonane ALESCO (Arab League Organisation for Education) og ILESCO (Islamic Educational, Scientific and Cultural Organisation), som på kvar si side uttrykte ønske om eit nærare samarbeid med Europarådet, mellom anna i samband med prosjektet om utdanning for demokratisk medborgarskap.

Samarbeidet på sistnemnde område har gått føre seg gjennom fleire år, med Noreg som ein viktig medspelar. Sidan 2001 har Læringssenteret/ Utdanningsdirektoratet vore med i prosjektet "Utdanning for demokratisk borgarskap". Europarådet sitt engasjement på dette området toppar seg i 2005 med markeringa av det europeiske året for demokrati og medborgarskap. Internasjonale undersøkingar har vist at dette er eit felt som må løftast fram: i ei samanlikning av demokratisk engasjement, kunnskap og haldningar hos 9.-klassingar i 27 land i perioden 1997–2001 kom det fram at det mellom anna i medlemslanda i Europarådet var låg valdeltaking og mangel på engasjement mellom ungdom. På norsk side har Utdanningsdirektoratet oppnemnt ein nasjonal koordinator til å vareta kontakten og samarbeidet med Europarådet på dette området.

Utdanningsdirektoratet har også ansvar for norsk deltaking i Europarådets etterutdanningsprogram for lærarar. Gjennom dette programmet kan lærarar i medlemslanda delta kostnadsfritt på etterutdanningskurs i dei andre medlemslanda. Utdanningsdirektoratet formidlar tilboda frå dei andre medlemslanda og vel ut norske deltakarar til kurs i andre land. Tilsvarande skipar Utdanningsdirektoratet kvart år i samarbeid med ulike høgskular til eit kurs i Noreg som står ope for lærarar

frå dei andre medlemslanda, og dekkjer utgiftene deira i samband med kurset. I 2003 var temaet "*Diagnostisk læring: ein ny europeisk framgangsmåte for å undervise i matematiske fag*" og i 2004 "*Forbrukarane sine borgarrettar*".

Eit viktig perspektiv i arbeidet med historieundervisning har vore å medverke til revisjon av lærebøker i historiefaget i land i tidlegare konfliktområde. Noreg har i samband med dette teke del i utarbeidinga av ei lærebok om Svartehavet: "*The Black Sea – a History of Interactions*", utgjeven i samarbeid med Gyldendal forlag.

Arbeidet for å fremje språkleg mangfald og språkopplæring er eit sentralt område i Europarådet sitt utdanningsprogram. Innanfor ramma av språksamarbeidet har Europarådet teke initiativ til ei gransking av framandspråkopplæringa i grunnskulen i utvalde medlemsland. Noreg var gjenstand for ein slik gjennomgang i 2003, og rapporten frå granskarane er lagd ut på nettsidene til Europarådet. Språkprofilen gjev ei oversikt over og analyserer situasjonen i dag, og drøftar mogelege retningar for språkopplæringa i framtida. Det vert m.a. peika på dei store språklege ressursane som ligg i det språklege mangfaldet i Noreg. Tilrådingane frå granskarane vart følgde opp i framlegget i St.meld. nr. 30 (2002-2003) Kultur for læring om å styrkje det andre framandspråket i norsk grunnsopplæring.

Det europeiske senteret for moderne språk i Graz har som målsetjing å fremje forskning og utvikling innanfor framandspråkopplæringa. Målgruppa for seminar ved senteret er primært språkforskarar og lærarutdannarar. Noreg betaler eit årleg grunntilskott til senteret, og får gjennom dette høve til å sende norske framandspråklærarar og -spesialistar til ulike kurs og konferansar, og til å ta del i nettverk der dei kan dra nytte av ei omfattande mengd faglitteratur, rapportar og liknande som senteret gjev ut. Utdanningsdirektoratet representerer Noreg i styret for senteret, og er kontaktorgan og innstiller norske søkjarar til ulike seminar.

Styringskomiteen for høgere utdanning og forskning har to representantar frå kvart land, ein frå nasjonale styresmakter og ein frå universitets- og høgskulesektoren. Det har vore fleire parallelle hovudsamarbeidsområde innan høgere utdanning og forskning, og tre av dei har vore gjeldande i heile rapporteringsperioden:

- Politikk og verktøy for godkjenning av kvalifikasjonar frå høgere utdanning – inklusive oppfølging av Europaråds- og UNESCO-konvensjonen frå 1997, Lisboa-konvensjonen, med vitnemålstillegget Diploma Supplement, som er obligatorisk i Noreg frå 2002, retningslinjer

for godkjenning av transnasjonal utdanning og retningslinjer for fellesgradar, dei siste frå 2004.

- Bidrag til Bolognaprosessen, der målet er eit europeisk rom for høgre utdanning innan 2010, gjennom tett oppfølging av arbeidet i oppfølgingsgruppa. Arbeidet går mellom anna ut på å arrangere og delta på konferansar i prosessen, utarbeide grunnlagsdokument og, ikkje minst, assistere nye land som dels vil, dels nett har, komme med i prosessen – både dei som har tiltredd den europeiske kulturkonvensjonen og andre frå det tidlegare Sovjetunionen. Det har vore eit godt samarbeid mellom Europarådet og norske styresmakter og med det internasjonale Bolognasekretariatet frå Noreg overtok viseformannskapet i prosessen i 2003 fram mot ministerkonferansen i Bergen i mai 2005.
- Offentleg ansvar for høgre utdanning og forskning. Prosjektet dreier seg om ei utgreiing av kva som eigentleg ligg i dette, om det er klåre grenser for kor langt det offentlege ansvaret går, om ansvaret er avgrensa til spesielle område, eller om det er moglege å fastsetje minimumskriterium. Det var ein konferanse i prosjektet i 2004 som resulterte i ei tilråding til ministrane med ansvar for å implementere Bolognaprosessen, og det vil bli publisert ei bok frå prosjektet i 2005.

Prosjektet om universitet og høgskular som institusjonar for demokratiopplæring blei avslutta i 2003, medan komiteen for høgre utdanning og forskning gjorde ferdig sin del av arbeidet med ei tilråding om kulturarven innan høgre utdanning i 2004.

Samtidig starta komiteen for høgre utdanning og forskning i 2004 arbeidet med eit nytt prosjekt om styring i høgre utdanning. Dette prosjektet vil inngå i arbeidet med Det europeiske året for medborgarskap i 2005.

8 Kulturminneforvaltning og naturforvaltning

Styringskomiteen for kulturarv har ansvar for å fremje vernet av den fysiske kulturarven i Europa, dvs. kulturlandskap, kulturmiljø, kulturminne og kulturgjenstandar. Komiteen forvaltar to konvensjonar, Granadakonvensjonen om vern av Europas faste kulturminne (1985) og Maltakonvensjonen om vern av den arkeologiske kulturarven (1992).

Noreg har vore representert i ekspertgruppa som har laga utkast til ein rammekonvensjon om kulturarvens verdi for samfunnet. Denne skal handsamast av ministerkomiteen i 2005. Noreg har

øg plass i byrået for komiteen, der Riksantikvaren representerer Noreg.

Den europeiske landskapskonvensjonen vart ratifisert av Noreg som første land i oktober 2001. Konvensjonen tredde i kraft 1. mars 2004 og vert no sett i verk i dei landa som har ratifisert eller stadfesta han. Formålet med konvensjonen er å fremje vern, forvaltning og planlegging av landskap og å organisere europeisk samarbeid på desse områda. I Noreg arbeider regjeringa langs tre linjer:

- samarbeid mellom departement og direktorat på sentralt statleg nivå
- samarbeid mellom dei nordiske landa i kontakt med fagkomiteen for natur, friluftsliv og kulturminne i Nordisk ministerråd
- samarbeid med kommunar og fylke om iverksetjing gjennom lokal og regional politikk og planlegging.

I Europarådet er det oppretta ein særskild koordineringskomité for arbeidet med konvensjonen på europeisk nivå.

Det paneuropeiske samarbeidet om biomangfald og konvensjonen om biologisk mangfald har etter mange år nådd ei svært konstruktiv form. Den paneuropeiske strategien for biologisk mangfald og landskapsvern har i perioden gjennomført ein vellykka konferanse om biodiversitet i Europa. Konferansen vart halden i Madrid i januar 2003. Konferansen tok opp tema som stod på dagsordenen for partsmøtet til konvensjonen for biologisk mangfald i Kuala Lumpur 2004. Samtidig blei det vedteke av den paneuropeiske strategien for biologisk mangfald at styret i perioden fram til neste FN-miljøkonferanse i Den økonomiske kommisjonen for Europa skulle arbeide meir aktivt med måla for resolusjonen om biologisk mangfald som vart vedtekne i Kiev mai 2003. Dei har også prioritert å utvikle samarbeid med EU, miljøbyrået i EU, konvensjonen for biologisk mangfald og den europeiske ministerkonferansen om vern og berekraftig bruk av skog.

Dei deltok også aktivt i EU-arbeidet med ein handlingsplan for biologisk mangfald etter invitasjon frå den irske formannskapet. Dette samarbeidet held fram, ikkje minst fordi 25 EU-land no også er representerte i den paneuropeiske strategien.

9 Regionalt og kommunalt samarbeid

Styringskomiteen for lokalt og regionalt demokrati arbeider med spørsmål knytte til lokalt sjølvstyre, kommunal økonomi og forvaltning og den statlege

styringa av kommunane. Komiteen arbeider mellom anna for å medverke til utvikling av demokratiske institusjonar på lokalt nivå i landa i Sentral- og Aust-Europa. Komiteen har også ein aktiv dialog med Europarådskongressen for lokalt og regionalt demokrati. Kongressen gjennomfører mellom anna årlege besøk i medlemslanda i Europarådet for å vurdere korleis landa følgjer opp Europaråd charteret for lokalt sjølvstyre, og gjennomførte i 2003 ei undersøking i Noreg.

I samband med den norske formannskapet i ministerkomiteen i Europarådet arrangerte norske styresmakter i samarbeid med Europarådet ein konferanse om styrking av lokaldemokratiet og demokratisk deltaking i ei verd i endring i Oslo frå 30. september til 1. oktober 2004. Konferansen hadde brei deltaking frå politisk og administrativt nivå i medlemslanda og frå norske kommunar. Statsråd Erna Solberg var leiar for konferansen.

Ministrane med ansvar for regional planlegging møttest i den europeiske konferansen for ministrar med ansvar for regional planlegging tredjekvart år. Ein tenestemannskomiteé tek hand om arbeidet mellom sesjonane. Aktivitetane har vore konsentrerte om å følgje opp retningslinjene for ei regionalt balansert og berekraftig romleg utvikling, som vart vedtekne på ministerkonferansen 7.–8. september 2000 i Hannover. Arbeidet er ei viktig informasjons- og inspirasjonskjelde for norsk regional planlegging.

På ministerkonferansen 15.–17. september 2003 i Ljubljana vedtok ministrane den såkalla Ljubljana-erklæringa, som kort kan samanfattast i tre punkt:

- Regional (territorial) planlegging og utvikling er eit kjerneområde for politikarar og politisk verksemd, i nær kontakt med befolkninga i området.
- Politikarane må utvikle og gjennomføre politikken i alliansar og partnerskap mellom forvalt-

ningsnivåa og mellom offentleg og privat sektor.

- Partnerskapet må nytte regional planlegging som arena for å utvikle sams visjonar og strategiar, og instrument for å koordinere gjennomføringa.

10 Dyreververn

Ein ny (revidert) konvensjon om vern av dyr under internasjonal transport vart vedteken av ministerkomiteen i 2003. Den nye konvensjonen er ikkje gjort gjeldande for transport innanfor EU-området. Det står enno arbeid att med å utforme retningslinjer for transport av dei forskjellige dyreartane med transportmiddel som tog, båt, bil og fly. Noreg er representert i det arbeidsutvalet som skal utforme desse retningslinjene.

Under konvensjonen om vern av produksjonsdyr er det i arbeid ein komité som har som oppgåve å utarbeide tilrådingar om hald av dei ulike dyreartane. Teksten til ei revidert tilråding om hald av gris vart vedteken av komiteen på møtet i desember 2004. På same møtet vart teksten til den generelle delen av ei tilråding om hald av oppdrettsfisk godkjend for endeleg vedtak i 2005. Arbeidet med tilrådingar om hald av ulike typar fisk i oppdrett held fram. Noreg er representert i det utvalet som skal utforme desse tilrådingane.

Under konvensjonen om vern av forsøksdyr har det i lengre tid vore arbeidd med ein revisjon av vedlegg A, som gjev tekniske spesifikasjonar for ulike miljø- og velferdstiltak for hald av forsøksdyr, mellom anna om burstorleik, temperatur, fôringsregime etc. Dette arbeidet er no ferdig og har resultert i eit omfattande dokument. Vedlegg A vil etter planen kunne vedtakast i ein multilateral konsultasjon i løpet av 2005.

Vedlegg 2

Tale av statsminister Bondevik til Parlamentarikarforsamlinga i Europarådet 23. juni 2004

Medlemmer av Parlamentarikarforsamlinga, det er ei stor glede for meg å vere her i Parlamentarikarforsamlinga i Europarådet igjen. Som presidenten nemnde, har eg tidlegare vore medlem av denne forsamlinga, og eg har enno mange gode vener blant representantane. Eg har også mange glade minne frå dei åra eg var med i forsamlinga, og følgjer interessert med i arbeidet som blir gjort her.

Mange tenkjer berre på Den europeiske unionen når dei snakkar om Europa. Men Europarådet og Organisasjonen for tryggleik og samarbeid i Europa er også viktige fordi dei fokuserer på politikkområde som EU ikkje legg så stor vekt på – område som skaper ei djupare forståing mellom landa på kontinentet vårt. Desse to organa omfattar dessutan ei rekkje land som ikkje er med i EU. For Europarådet sin del gjeld dette tjue land. Europarådet er dermed ein viktig møtestad for etablerte og nye demokrati og ein sentral arena for å fremje ei felles forståing av dei verdiane som er sentrale for utviklinga av demokratiet og respekten for menneskerettane.

Som ein av grunnleggjarane av Europarådet har Noreg stor tru på organisasjonen, og støttar sterkt opp om arbeidet som vert gjort. Under vår formannskapsperiode i Ministerkomiteen vil vi gjere alt vi kan for å styrkje Europarådet ytterlegare og setje organisasjonen i stand til å tilpasse seg nye og skiftande realitetar. Eg meiner at Europarådet må vere ope for reformer og endringar slik at det kan utføre sine oppgåver så effektivt som råd er. Vi bør konsentrere oss om det som er dei viktigaste verdiane og kompetanseområda til organisasjonen.

For det første må vi fokusere på Den europeiske menneskerettsdomstolen. Dette organet har vore og er nøkkelinstitusjonen i alt europeisk arbeid med å fremje menneskerettane. Reformar er livsviktig for å garantere at domstolen er effektiv. Vi må no setje i verk strakstiltak for å sikre at dei nødvendige reformene vert gjennomførte. For at domstolen skal vere effektiv på lang sikt, må vi som medlemmer yte ein vesentleg innsats for å

reducere arbeidsmengda ved domstolen. Eg vil difor også oppmode dykk som parlamentarikarar til å gå i gang med aktuelle endringar på nasjonalt nivå.

For det andre må Europarådet søkje å fornye og styrkje samkvemmet med andre organisasjonar. Vi har mykje å vinne på å betre samordninga av aktivitetar med OSSE og EU. Vi treng samarbeid og samordning, ikkje unødvendig konkurranse. Berre gjennom ein konstruktiv dialog med dei andre organisasjonane kan vi lukkast. Det vil også gjere Europarådet og arbeidet som vert gjort her meir synleg og påkalle større merksemd.

For det tredje – og dette er ei hjartesak for meg – trengst det dialog, særleg mellom kulturar og mellom religionar. Historia har vist at nasjonar og kulturar er avhengige av kvarandre. Eit einsarta samfunn kan ikkje vare ved. Toleranse og utveksling av idear, varer og menneske er nøkkelfaktorar for endring, utvikling og fred. Vi må ikkje tillate at forskjellar i kultur eller tru utviklar seg i negativ lei og blir konfliktskapande. Ekstremistar og populistar utnyttar folks redsle for "dei som ikkje er som oss". Konsekvensane ser vi i form av terrorisme og rasistisk motivert vald. For å kunne kjempe meir effektivt mot terrorismen må vi vite meir om dei underliggjande årsakene. Etter mi mening er fanatisme og hat eksempel på slike underliggjande årsaker. Dei er ofte utslag av audmjuking og redsle, som igjen kjem av kunnskapsmangel, frustrasjon og utrygg identitet. Ekstremistar prøver ofte å spreie hat i Guds namn, men ikkje noko er fjernare frå sann tru enn hat. Tvert imot er dei som har ei sterk tru, ofte betre i stand til å forstå og respektere andres tru. Det er det som er toleranse.

Eg er overtydd om at vi ved å diskutere likskapane og ulikskapane mellom religionane vil kunne komme fram til felles verdiar som respekt for det heilage og menneskeverdet og forsoningsvilje.

På reiser i utlandet har eg ofte møtt leiarar for ulike religionar. Dette har skjedd i Sarajevo, Jerusalem, Betlehem, Kairo, New York og Genève. I mange konfliktar vert religionen rekna som ein del

av problemet. Etter mitt syn burde det vere omvendt. Religionen må bli ein del av løysinga. Eit harmonisk tilhøve mellom religionar løyser ikkje i seg sjølv konflikthar, men i nokre konfliktfylte område kan det bane veg for varige, frededelege politiske løysingar – ikkje berre i Midtausten og på Balkan, men også i Afrika og på andre kontinent.

Europarådet fremjar demokrati, menneskerettar og godt styresett i vår del av verda. Vi har eit unikt verdsett felles: menneskeverd, lovstyre, gjensidig respekt og forsoningsvilje. Desse verdiane er avgjerande som støtte for forsoning og for å hindre konflikthar.

Kjære kollegaer, som politiske leiarar må vi gjere vårt yttarste for å fremje og verne om desse grunnverdiane. Som politiske leiarar bør vi bruke ein humanistisk tilnæringsmåte for å bryte ned religiøse og kulturelle barrierar som har bygt seg opp mellom folk, samfunn og enkeltmenneske. Vi bør ta ansvar for å hjelpe til med å byggje bru mellom dei ulike trusretningane og kulturane. Vi bør fremje dialog og toleranse.

Det har alltid vore kulturelt mangfald i Europa, men i vår tid, i den globaliserte tidsalderen, skjer endringane fortare enn nokon gong før. Sjølv land som tradisjonelt har hatt ei homogen befolkning, slik tilfellet er i mitt eige land, er vortne meir og meir fleirkulturelle. Denne utviklinga ber mykje godt i seg, men utfordrar oss òg til å ta initiativ til å fremje forståing.

For det fjerde vert tallause born i verda i dag oppdregne i ein atmosfære av hat og intoleranse. Tallause born vert nekta grunnleggjande menneskerettar. La oss forvise oss om at barna våre kjenner rettane sine. La oss lære barna våre at Europa står for harmoni, ikkje konflikt; for samarbeid og sameksistens, ikkje framandgjering og fiendskap. Barna er framtida vår. Vi må fremje sunne verdiane ved skulane våre. Skulane våre må difor framelske toleranse og forståing, dei må vere eit middel til å kjempe mot hat og redsle for dei som er annleis. I skulen må elevane lære medkjensle og omsorg for andre.

Den engelske presten – eg er sjølv prest – og forfattaren Dean Inge seier det slik: ”Målet med utdanning ligg i kunnskap, ikkje om fakta, men om verdiane”. Utdanning har stort potensial til å skape konkrete forbetringar i samfunnet. Som den amerikanske forfattaren James Baldwin seier: ”Det paradoksale med utdanning er nettopp dette – at idet ein tek til å tenkje sjølvstendig, tek ein òg til å sjå nærare på det samfunnet ein blir utdanna i.”

Det er viktig å fremje systematisk informasjon om korleis kunnskap om ulike kulturar og religionar kan medverke til større gjensidig forståing og

respekt. Europarådet har ei viktig rolle i dette arbeidet. Eg trur dette kunne vere eit godt tema å innleie om under det neste toppmøtet i Europarådet.

For to veker sidan var vi vertskap for ein europarådskonferanse i Oslo om den religiøse dimensjonen ved tverrkulturell utdanning. Ved å diskutere likskapar og skilnader mellom dei ulike religionane vil vi kunne finne fram til felles verdiane som respekt for menneskeverdet, forsoningsvilje, kjærleiksbodet og sunn forvaltning.

I 1997 innførte vi faget ”Kristendom, religion og livssyn” i den norske skulen. Faget har til mål å gje elevane kunnskap og forståing om ulike religionar og trusretningar. Det skal formidle tradisjonar og verne om religiøs identitet, og samtidig byggje bru som kan føre til innsikt, toleranse og dialog. Målet er å medverke til gjensidig toleranse og respekt for ulike livssyn og trusretningar.

Kvart samfunn må arbeide kontinuerleg for å sikre at gjensidig respekt og tillit er avgjerande verdiane på alle samfunnsområde – kulturelt, sosialt, etnisk og religiøs. På internasjonalt plan må dette målet nåast gjennom diskusjonar, avtalar og informasjonsutveksling.

Gjennom utdanning kan vi byggje bru over ulikskapar i tru og kultur. Gjennom utdanning kan vi byggje forståing og respekt for ulike religionar og kulturar. La oss difor i dag gje Europarådet ei leiande rolle i dette arbeidet.

Det femte og siste punktet mitt er behovet for å arbeide saman og byggje nettverk. Sidan sist Noreg hadde formannskapet i Ministerkomiteen – i 1989, då eg var norsk utanriksminister – er talet på medlemmer i Europarådet dobla. Det er etablert eit omfattande samarbeidsnettverk som er basert på nær 200 europarådskonvensjonar. Desse dekkjer ei lang rekkje område, mellom anna rettsleg samarbeid, sosialt samhøyr, menneskerettar, media, utdanning, helse, kultur, ungdom, lokalt samarbeid og miljø. Dette breie nettverket sikrar altså dei grunnleggjande rettane til 800 millionar innbyggjarar.

Styrken i dette samarbeidet er at vi kan vere med på å forbetre normer og standardar gjennom utveksling av synspunkt og gjennom samråd og forhandlingar. I denne innsatsen kan Europarådet dra vekslar på ei lang rekkje departement og ekspertar i medlemslanda.

Det er godt å vite at vi har sterke folkevalde organ til støtte for arbeidet i Europarådet. Både parlamentarikarforsamlinga og kommunalkongressen er etter Noregs oppfatning drivkrefter i organisasjonen. La meg nemne betra retningslinjer for mellomstatleg sektor i Europarådet og dei

viktige initiativa som er tekne når det gjeld nye konvensjonar og viktige aktuelle spørsmål. Også tilsynsverksemda i parlamentarikarforsamlinga nyt stor respekt. Eg trur fullt og fast at Europarådet har ei eineståande rolle å spele for å hindre konflikt og skape stabilitet.

Som ei oppsummering vil eg seie: La oss styrkje Den europeiske menneskerettsdomstolen og samtidig redusere saksmengda han har å arbeide med. La oss fornye og styrkje samarbeidet med andre internasjonale organisasjonar som Organi-

sjasjonen for tryggleik og samarbeid i Europa og Den europeiske unionen. La oss ta nye og dristige initiativ til dialog mellom ulike kulturar og religionar. Og la oss ha fokus på utdanning. Og til sist, la oss byggje sterke og effektive nettverk.

Kjære medlemmer av forsamlinga, de kan rekne med støtte frå Noreg. Mens vi har formannskapet i ministerkomiteen, vil vi gjere det vi kan for å styrkje denne organisasjonen og verdiane og normene som han representerer.

Vedlegg 3

Høgnivåseminar om reform av det europeiske menneskerettssystemet, Oslo 18. oktober 2004

Konklusjonar frå seminaret

Samandrag

Det var brei semje om at protokoll 14 må ratifiserast snarast råd. Domstolen og justissekretariatet bør gjere alt dei kan for å førebu seg på at protokollen vert sett i verk. Men også andre tiltak vil vere nødvendige. Nasjonale tiltak på parlaments-, regjerings- og domstolsnivå er ein tvingande nødvendig del av reformpakken. Medlemsstatane vert innstendig bedne om å sjå grundig gjennom og ta i bruk tilrådingane, erklæringa og resolusjonen ministerkomiteen vedtok i 2004. Utan omsyn til protokoll 14 vil det vere nødvendig å setje i verk ekstra budsjettiltak på bakgrunn av den aukande saksmengda ved Domstolen. Ministerkomiteen har det øvste ansvaret for å sjå til at reforma av det europeiske menneskerettssystemet vert vellukka.

Særskilt var det brei semje om behovet for å gjenopprette balansen mellom nasjonalt konvensjonsvern og internasjonalt vern; begge delar må fungere effektivt for at systemet skal verke. Til Strasbourg kjem det altfor mange saker som etter subsidiaritetsprinsippet burde vore avgjorde av domstolane i vedkommande land. Dette krev framfor alt at det vert etablert eigna og effektive bote-middel på nasjonalt nivå. Målet som ligg til grunn for konvensjonen, er å skape ein situasjon der det store fleirtalet av enkeltmenneske som klagar på brot på konvensjonsrettane, ikkje treng komme til Strasbourg fordi klaga deira er tilfredsstillande handtert på nasjonalt nivå.

Innleiing

Deltakarane fokuserte på protokoll 14 til Den europeiske menneskerettskonvensjonen og på erklæringa, tilrådingane og resolusjonen som ministerkomiteen vedtok i 2004, som nøkkelkomponentar i reformpakken. Under drøftingane hadde deltakarane særleg nytte av konkrete innlegg frå Luzius Wildhaber, president i Den europeiske menneskerettsdomstolen, og Pierre-Henri Imbert, generaldirektør for menneskerettar i Europarådet; vidare av

oppdaterte statistiske analysar som Domstolen hadde utarbeidd om den auka saksmengda og av eit notat utarbeidd av generaldirektøren for menneskerettar i Europarådet om å sikre snarleg iverksetjing av protokoll 14.

Dette dokumentet oppsummerer konklusjonane til den norske formannskapet ved slutten av møtet. Det er særleg lagt vekt på praktiske tiltak for å gjennomføre reformpakken fort og effektivt i tråd med tilrådingane til ministerkomiteen i Europarådet. Dette er ikkje eit framforhandla dokument, og den norske formannskapet er eineansvarleg for innhaldet. Slik formannskapet ser det, gjev punkta nedanfor eit godt bilete av synspunkt som hadde brei støtte blant seminardeltakarane.

Konklusjonar

Følgjande konklusjonar hadde brei støtte:

I. Spørsmål som særleg gjeld Domstolen

1. Protokoll 14 må ratifiserast snarast råd slik at ein snarast mogeleg kan dra nytte av den auka kapasiteten og effektiviteten i konvensjonssystemet som vil følgje av dette. Ein viser til den praktiske rettleiinga som går fram av notatet frå generaldirektøren for menneskerettar.
2. Den europeiske menneskerettsdomstolen og justissekretariatet vert oppmoda om å førebu seg på iverksetjinga av protokollen ved å leggje om arbeidsmetodane og rutineane sine så snart det let seg gjere. Tempoet i saksbehandlinga kan aukast ved å gå gjennom oppbygginga av justissekretariatet og ved at det på eit tidleg stadium vert innført bestemte arbeidsmetodar som legg opp til formasjonar med éin dommar og nye fullmakter etter artikkel 28.
3. Utan omsyn til protokoll 14 vil saksmengda ved Domstolen framleis auke. Som følgje av dette vil justissekretariatet ha bruk for ekstra ressursar, men behovet kan bli mindre enn det ser ut til i dag når protokollen trer i kraft.
4. Ein innsåg at protokoll 14 og tiltaka som følgjer av denne, ikkje vil løyse problemet med det vel-

- dige etterslepet av saker ved Domstolen, som vil halde fram med å auke i alle fall til protokoll 14 trer i kraft. Domstolen, saman med generalsekretæren og ministerkomiteen, vil måtte diskutere korleis dette problemet kan løysast.
5. Det blir òg nødvendig å arbeide vidare med den framtidige utviklinga av konvensjonssystemet. Særleg knyter det seg interesse til pilotdommar, som ser ut til å vere den mest effektive måten å handtere visse strukturelle situasjonar på. Vidare kan det her vere nyttig å skilje mellom konkrete situasjonar og ibuande problem – der ulike typar tiltak kan vere nødvendige (sjå nedanfor).
 6. Det kan vere aktuelt å vurdere om domstolsvedtektene bør endrast på bakgrunn av saker som avdekkjer systemfeil. Når den innklaga staten vert varsla om ei sak som kan vere av ein slik art, kunne staten bli beden om å uttale seg om kor vidt det ligg føre eit grunnleggjande problem som vedkjem ei gruppe menneske. Dette ville gje staten ein førehandsindikasjon på om ein pilotdom kan komme på tale, og kunne også hjelpe Domstolen med å avdekkje systemfeil.
 7. Det vart understreka at medlemsstatane bør syte for å sende ut leiande dommar frå Domstolen på sitt/sine nasjonalspråk i samsvar med tilråding (2002) 13. Dette kan ikkje vere eit ansvar for Domstolen, men bør vere ei viktig oppgåve for statane.
 8. For å redusere straumen av grunnlause saker bør Domstolen, det samla Europarådet, medlemsstatane og sivilsamfunnet treffe tiltak for å sikre at potensielle saksøkjjarar får tilstrekkeleg og uavhengig informasjon om dei grunnleggjande kriteria for kva saker som etter konvensjonen kan førast for Domstolen. Det vart vist til den rolla informasjonskontor innanfor det generelle menneskerettsvernssystemet ville kunne spele i aktuelle tilfelle, sett i lys av dei erfaringar som vert gjorde ved informasjonskontoret til Europarådet i Warszawa.
 9. Balansen mellom nasjonalt og internasjonalt nivå i menneskerettsvernet må gjenopprettast. Domstolen i Strasbourg ber i dag ein urimeleg stor del av børa. Regjeringane må ta på seg sitt heile og fulle ansvar etter konvensjonen, både når dei set i verk nasjonale tiltak og som medlemmer av ministerkomiteen.
 10. Det trengst intensivt samhandling mellom ministerkomiteen, Domstolen, Europarådet i vidare forstand, medlemsstatane og sivilsamfunnet for å sikre at konvensjonen vert betre handheva på nasjonalt plan.
 11. Domstolen vart invitert til å sjå nærare på korleis årsrapporten, som særskilt bør innehalde eventuelle funn når det gjeld strukturelle situasjonar, kan gjerast meir tilgjengeleg for dei andre institusjonane i Europarådet og for dei styrande på nasjonalt plan, mellom anna nasjonalforsamlingane. Det kunne utarbeidast ei form for oppsummering av dei viktigaste spørsmåla med tanke på oppfølging.
- II. Om tiltak som bør vurderast med sikte på snarleg og effektiv gjennomføring av tilrådingar frå ministerkomiteen til medlemsstatane om tiltak som bør setjast i verk på nasjonalt plan**
12. Ministerkomiteen bør hjelpe medlemslanda med å sikre at tilstrekkeleg opplæring i konvensjonsstandardar – på alle relevante rettsområde – vert fullt integrert i universitetsutdanning og profesjonsutdanning i samsvar med tilråding (2004) 4. Tanken om eit europeisk program for å hjelpe medlemsstatane med å gjennomføre denne tilrådinga, særleg med omsyn til profesjonsutdanning for dommarar, fekk sterk tilslutnad.
 13. Vidare vart rolla som sivilsamfunnet kan spele i gjennomføringa av ovannemnde tilråding understreka. Det same gjaldt det særlege behovet for kontinuerleg opplæring for dommarar og andre aktuelle profesjonsgrupper, som følgje av den stadige utviklinga i rettspraksisen hos Domstolen (“Formation continue”).
 14. For å lette gjennomføringa av dei ulike tilrådingane og dei jamlege gjennomgangane av denne i ministerkomiteen, bør medlemsstatane vurdere om det kan nedsetjast nasjonale interdepartementale arbeidsgrupper for å gå kritisk igjennom lovverk og praksis på alle tre områda (opplæring og utdanning, kontroll av at lover/lovutkast og praksis er i pakt med konvensjonen, betring av nasjonale botemiddel), utarbeide ein handlingsplan for tiltak på desse områda og kontrollere gjennomføringa av denne.
 15. Det vart lagt vekt på at også nasjonalforsamlingane eller nasjonale lovgjevande forsamlingar må engasjerast, i tillegg til parlamentarikarforsamlinga i Europarådet, som særleg viktige medspelarar i ein dialog om behovet for eigna nasjonale tiltak som krev lovarbeid. Det var semje om at slike kontaktar i aktuelle tilfelle bør vurderast av ministerkomiteen og generalsekretæren i Europarådet, og ikkje av Domstolen sjølv. I ein slik samanheng vart eit samandrag av årsrapporten som nemnt i punkt 11 ovanfor sett på som spesielt viktig.

16. I tillegg kunne ministerkomiteen leggje til rette for eit tilsynsmøte, til dømes ved utgangen av 2005, for å gjere opp status over kva som er oppnådd og for å sikre innsyn.

III. Om tiltak som bør vurderast på europeisk og/eller nasjonalt plan ved handtering av konvensjonsbrot med opphav i underliggjande systemfeil som kan føre til store mengder likearta saker

17. Det var allmenn semje om at det gjeld å føresjå og ordne opp i systemfeil allereie før dei fører til at ein pilotdom vert vedteken. Menneskerettskommissæren kunne fungere som "varslingsinstans" i denne samanhengen, mellom anna ved å gjere ministerkomiteen og parlamentarikarforsamlinga kjende med aktuelle spørsmål.

18. Ministerkomiteen kunne gje styringskomiteen for menneskerettar (CDDH) eit mandat som sikra at CDDH, når Domstolen vedtek ein pilotdom, kan sjå på om denne får vidare konsekvensar også for andre land enn den innklaga staten, og i aktuelle tilfelle føreslå ei tilråding med sikte på å løse problemet.

19. Når det gjeld pilotdommar som avdekkjer genuint strukturelle eller ibuande problem, bør ministerkomiteen krevje at den innklaga staten raskt legg fram ein overgripande handlingsplan med tidsskjema for korleis problemet skal løysast. Avdelinga for domsfullbyrding bør tilby hjelp dersom det trengst. Handlingsplanen bør offentleggjerast. På denne måten kan sivilsamfunnet hjelpe ministerkomiteen med å sikre at planen vert gjennomført.

20. Etter ein pilotdom som avdekkjer eit genuint strukturelt eller ibuande problem, bør den innklaga staten vurdere å opprette ei nasjonal arbeidsgruppe med deltakarar frå aktuelle departement og organ til å utarbeide ein slik handlingsplan og sikre at han vert etterlevd for framtida (sjå punkt 19 ovanfor).

21. Når det gjeld pilotdommar som avdekkjer eit spesifikt problem (men som får følgjer for mange menneske), bør ministerkomiteen følgje ein prioritert tilsynsprosedyre og krevje at vedkommande stat raskt løyser problemet slik at ein unngår å overbelaste Domstolen med ei mengd likearta saker.

22. I aktuelle tilfelle, og utan å dra seg unna dei juridiske pliktene som kviler på innklaga statar etter artikkel 46 i konvensjonen, kan innsatsen frå Europarådet for å hjelpe ein stat med å gjennomføre ein pilotdom også omfatte økonomisk støtte; det vart spesielt nemnt at Europarådets utviklingsbank kunne spele ei rolle her.

23. Ministerkomiteen bør vurdere å vedta ein årsrapport om det komiteen har gjort med omsyn til å føre tilsyn med fullbyrdinga av dommar frå Domstolen, med understreking av dei mest framtrekande utviklingstrekk og problema, for å gje publikum auka innsyn.

24. I likearta saker er fastsetjing av rimeleg vederlag ofte eit komplisert og tidkrevjande aspekt som kan by på spesielle utfordringar, til dømes når det gjeld verdifastsetjing i samband med eiedomsrettar. Mogelege måtar å handtere mange slike krav på kan takast opp til vidare vurdering av Domstolen saman med ministerkomiteen (ein måte å gjere det på kunne vere at Domstolen "sette bort" slikt arbeid til uavhengige ekspertar). Som eit anna eksempel vart det nemnt at når det er påvist ein systemfeil som skaper eit konkret verdifastsetjingsproblem, kunne ministerkomiteen, dersom det passa, vurdere ein eigen internasjonal mekanisme eller oppmuntre vedkommande stat til å nedsetje ei nasjonal nemnd til å behandle krav. Det kan likevel vere nødvendig å studere desse spørsmåla nærare i lys av dei meiningsskilnadene rundt dette som gjorde seg gjeldande under seminaret.

25. Pilotdomsprosedyren som vart utvikla av Domstolen ved dommen i saka Broniowski mot Polen av 22. juni 2004, vart helsa velkommen som ein effektiv metode til å handtere konvensjonsbrot som får følgjer for ein kategori eller ei gruppe menneske. Domstolen vart likevel beden om å forvise seg om at den konkrete saka som vert vald ut blant ei gruppe tilsvarande verserande saker med tanke på ein pilotdom, verkeleg er eigna som grunnlag for utsegner om generelle tiltak.

IV. Om andre tiltak som bør vurderast for å betre og framskande fullbyrdinga av dommar frå Domstolen, særleg dommar som avdekkjer ein underliggjande systemfeil

26. For å hjelpe ministerkomiteen med å føre tilsyn med fullbyrdinga av pilotdommar, kunne det vere nyttig å skilje mellom pilotdommar som avdekkjer genuint strukturelle eller ibuande problem og pilotdommar som avdekkjer eit konkret problem som får følgjer for mange personar, slik som i Broniowski-saka.

27. Om nasjonale domstolar gjorde direkte bruk av Domstolens rettspraksis og enkeltdommar, kunne det medverke sterkt både til å effektivisere gjennomføringa av konvensjonen og til å setje fart i fullbyrdinga av visse pilotdommar,

- sidan det ville redusere behovet for tidkrevjande lovgjevingstiltak.
28. Dersom ein innklaga stat konsekvent let vere å fullbyrde ein dom, bør ministerkomiteen, i tillegg til å vurdere om det skal innleiast rettslege tiltak for brotet i samsvar med protokoll 14 (når protokollen har teke til å gjelde), også sjå på om den aktuelle medlemsstaten kan nektast å ha leiande stillingar eller visse funksjonar i organisasjonen, eller endåtil om medlemsstaten kan fråtakast stemmeretten i ministerkomiteen. Det vart elles vist til artikkel 8 i vedtektene om utvising av ein stat frå Europarådet som ein siste utveg.
29. Det vart understreka at ministerkomiteen har eit ansvar for å forbetre og framskande fullbyrdinga av dommar frå Domstolen. Det endelege målet er å sikre større respekt for menneskerettane. Medlemsstatane vart innstendig bedne om å førebu seg grundig til alle møte mellom stedfortrederne som gjeld tilsyn med fullbyrdinga av dommar frå Domstolen, og å ta med også andre departement enn utanriksdepartementet i desse førebuingane.
30. Det vart streka under at ministerkomiteen i aktuelle tilfelle også må mobilisere andre europarådsorgan til å vere med på å overvinne visse vanskar som oppstår i fullbyrdinga av ein dom. Utvald ekspertise kunne til dømes skaffast gjennom Venezia-kommisjonen eller generaldirektøren for menneskerettar; menneskerettskommissæren kan i sitt eige arbeid handle komplementært med tilsynsarbeidet i ministerkomiteen og såleis skape nyttige synergieffektar; parlamentarikarforsamlinga, generalsekretæren og/eller menneskerettskommissæren kunne vere nyttige partnarar i kontakten med nasjonale parlament dersom fullbyringsproblemet er knytte til lovgjevingsprosessen.
31. I samsvar med tilråding nr. (2000) 2 vart medlemsstatar som ikkje alt har gjort det, oppmoda om snarast å vedta lover som gjev høve til å ta oppatt nasjonale saker som viser seg å bryte med konvensjonen.
32. Ministerkomiteen bør følgje ein hasteprosedyre i tilsynssaker der fullbyrdingstiltak er preserande av omsyn til det som står på spel for den individuelle saksøkjaren.
-

Vedlegg 4

Konferansen Styrking av lokalstyre og demokratisk deltaking i ei verd i endring, Oslo 30. september – 1. oktober 2004

Konklusjonar ved konferanseleiaren, kommunal- og regionalminister Erna Solberg

Innleiing

Det har vore ei glede for meg å vere vert for denne konferansen om "Styrking av lokalstyre og demokratisk deltaking i ei verd i endring". Eg vil gjerne takke alle talarane og deltakarane på denne konferansen, som eg trur har vore eit viktig steg i vårt felles europeiske strev for å styrkje lokal- og regionaldemokratiet.

Konferansen har:

- gjort opp status for situasjonen i dag når det gjeld publikumsdeltaking på lokalt plan
- sett nærare på korleis deltaking og kapasitetsbygging kan styrkjast
- diskutert korleis organa i Europarådet kan brukast til å fremje dette arbeidet.

Konferansen vitnar om at Europarådet framleis spelar ei leiarrolle når det gjeld å utvikle, gjennomføre og overvake standardar på området lokal- og regionaldemokrati.

Som leiar for konferansen skal eg prøve å oppsummere nokre av konklusjonane og gje nokre tilrådingar for framtida.

Konklusjonar

Konklusjonane kan grovt sett delast inn i fire typar spørsmål:

- deltaking generelt
- representativt demokrati
- deltakande demokrati
- kapasitetsbygging.

Deltaking generelt

